NYTT OM NAMN

Meldingsblad for

Norsk namnelag

Nr. 75

Redaksjon:
Botolv Helleland (ansv.) (botolv.helleland@iln.uio.no)
Wen Ge (ge.wen25@icloud.com)

Redaksjonssekretær:
Terje Larsen (terjelar1948@gmail.com)

Utgjevar:
Norsk namnelag

Utgjevarstad:
Institutt for nordiske og lingvistiske studium – Universitetet i Oslo

Nr. 75 - 2023
Redaksjonen vart sluttførd 26. januar 2024

Adresser m.m.:

Nettstaden til Norsk namnelag er www.norsknamnelag.no.

Bankgiro: 7874.053.3362 Kontingenten er 300 kroner for året og inkluderer *Namn og nemne* og *Nytt om namn*. Har du spørsmål om laget, kan du venda deg til Terje Larsen på e-post: terjelar1948@gmail.com

Tidsskriftet *Namn og nemne*. Har du spørsmål om tidsskriftet, kan du venda deg til Tor Erik Jenstad på e-post: tor.jenstad@ntnu.no

Meldingsbladet *Nytt om namn*. Har du spørsmål om meldingsbladet, kan du venda deg til Botolv Helleland på e-post: botolv.helleland@iln.uio.no

Trykk X-ide

Artiklane i *Nytt om namn* kan etter ei bindingstid på to år leggjast ut på heimesida til Norsk namnelag. Eventuell reservasjon må meldast til redaksjonen.

INNHALD

LEIAR
Terje Larsen: Gladsaker innimellom.....5

NORSK NAMNELAG
Ellen Marie Lund Foldal: Referat fra styremøte i Norsk namnelag 18. april 2023.....7
Anne Svanevik: Referat fra styremøte i Norsk namnelag 26. okt 2023.....10
Tor Erik Jenstad og Ivar Berg: Namn og nemne 40.....12

NYTT FRÅ SPRÅKRÅDET / STADNAMNTENESTA / KARTVERKET
Line Lysaker Heinesen: Tilskuddsmottagere 2023.....12
Line Lysaker Heinesen: Referat fra Klagenemnda for stedsnavnsaker 2023.....14
Ellen Hellebostad Toft: Stadnamntenesta og fagrådet for stadnamn i 2023.....18
Ellen Hellebostad Toft: Fleire tek e-læringskurset *Vegen til stadnamnet*.....19

PROSJEKT OG INNLEGG OM NAMN
Johan Myking: Norsk Ordbok reviderer innbyggjarnemningar.....20
Line Førre Grønstad: Personnamnseminar i Bergen i 2024: Den norske namnelova 1923–2023 – 100 år med regulering av kjønn.....22
Tor Barkve og Egil Sølvberg: Registrering av stadnamn i Rogaland.....25
Terje Larsen: Stadnamnkåringar.....27
Brynjar Mørkved: Hvem kan redde namnefaget?.....28

INTERNASJONALT NYTT
Vidar Haslum: NORNA-symposiet i Uppsala 14.–16. november 2023 – Namn och konflikter.....31
Ingvil Nordland og Wen Ge: Litt om ICOS-sommerskolen i 2023 i Glasglow 35
Peder Gammeltoft: Rapport fra 3. UNGEGN sesjon i New York, 1. mai – 5. mai 2023.....36
Peder Gammeltoft: Rapport fra International Training on Toponymy – Geographical Names as Cultural Heritage, 19.-23. juni 2023.....37
Ingvil Nordland: Norway: Navigating the Indigenous toponymic terrain.....38
Ingvil Nordland: Norway: Researching and promoting Sámi geographical names.....43

NAMNEFAGLEGE PORTRETT

Wen Ge: Line Førre Grønstad – ei ny stjerne i personnamngransking.....47

Gulbrand Alhaug: Namnegranskaren Gudlaug Nedrelid – 70 år.....51

Ivar Utne: Namnegranskaren Gulbrand Alhaug – 81 år.....55

ARTIKLAR

Svein Lie: Bergens bynavn.....59

Finn Myrvang: Fleskeryggen, Frøskeland og Bitterstad.....62

Ardis Ronte Eriksen: Da Ceakkoaivi ble til Seahkoaivi og Luohttojávri til Baikajávri.....66

BOKOMTALAR

Terje Larsen: To bøker om førenamn.....72

Rune Røsstad: Målføre og stadnamn frå indre Agder.....73

OMTALAR AV MASTEROPPGÅVER

Vidar Haslum: Bustadnamn i Møsstrond.....75

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

Terje Larsen: Norsk namnebibliografi.....76

LEIAR

Gladsaker innimellom

I det siste nummeret av *Nytt om namn* skreiv eg at sjølv om stoda for namnegranskinga har vore vanskeleg dei siste åra, var ikkje alt berre elende. Eg nemnde nokre ljospunkt, og her skal eg fylgja opp med fleire «gladsaker». Eg startar med det som ligg nærast, *Namn og nemne*, som er det vitskaplege tidsskriftet til Namnelaget. Tidsskriftet har ikkje hatt prentestøtte etter 2016, noko som har ført til ein heller trong økonomi for oss, og framtida for skriftet har difor vore svært usikker, for å seia det varsamt. No er *Namn og nemne* innvilga støtte frå publiseringskomiteen for *Norskspråklege opne tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskap* i perioden 2024–2026, og støttebeløpet er på 105 000 kroner kvart år. Dette gjer at vi kan sjå relativt ljost på økonomien vår, iallfall dei neste tre åra.

Gladsak nummer to er ein rapport laga av ei forskingsgruppe ved Telemarksforsking på oppdrag av Språkrådet. Gruppa tilrår at det blir oppretta eit fast forskings- og utviklingsmiljø for norsk språk knytt til Språksamlingane ved Universitetet i Bergen. Eit slikt forskingssenter kan vera med på å styrka kompetansebygginga innanfor terminologi, leksikografi og *namnegransking* [mi utheving], seier gruppa. Dette er positive tonar etter nokre tiår med nedbygging av desse språkfaglege emna.

Mykje har vore sagt om nye namn på offentlege verksemder dei seinaste åra. Vi har *Mesta* og *Equinor* og ikkje minst *Vy* for tidlegare *NSB*. Då Noregs fyrste innovasjonsdistrikt vart etablert i Oslo i området frå Majorstua, via Marienlyst og Blindern til Gaustad, Ullevål og Radiumhospitalet fekk det namnet *Oslo Science City*. Fleire hadde sterke innvendingar mot at det berre hadde eit engelsk namn, mellom anna Språkrådet, og i haust kom den gledelege meldinga om at området har fått *Kunnskapsbyen i Oslo* som norsk namneform. Det skulle forresten berre mangla!

Tilskotsordninga for innsamling og registrering av stadnamn, som starta i 2015 og som Språkrådet administrerer, har framleis stor oppslutnad. Oversyn over tilskotsmottakarar i 2023 finn du på s. 11. Språkrådet har også starta eit «oppryddingsarbeid» når det gjeld namn på busskilt, og det trengst. Eit oppslag på nrk.no fortel at Språkrådet har gått gjennom busstoppnamn i ni kommunar i Vestland fylke, og i fleire kommunar var det fleire feil namn enn riktige. Målet

er å ta for seg alle kommunane i fylket, men vi får håpa at det ikkje stansar der; feilprosenten er nok ikkje mindre i dei andre fylka!

Sjølv om det altså finst positive hendingar innan faget vårt, kjem vi likevel ikkje bort frå at dei mørke skyene framleis er der. Namnegranskinga har vorte marginal og er nærmast utradert som forskings- og undervisningsfag, og konsekvensane av dette er fleire. Stadnamna er viktige immaterielle kulturminne og ei sentral kjelde til språkhistoria og busetnadshistoria vår, og jamvel om mykje forsking er gjort, står også mykje att. Vi har også ei stadnamnlov, som krev kunnskap i namnefaget for å kunne forvaltast. Enn så lenge finst personar med denne kunnskapen, men når det ikkje lenger blir undervist i faget, kva då? Når det gjeld det nemnde framlegget frå Telemarksforsking om å oppretta eit forskings- og utviklingssenter for norsk språk, står det att å sjå om det blir realisert, og dessutan: Erfaringa syner at namnegranskinga vil stilla bak terminologi og leksikografi på prioriteringslista.

Den nasjonale namnekonferansen i november 2019 hadde tittelen *Stadnamn i knipe*, og bakgrunnen var nettopp den vanskelege stoda for namnefaget var i. Rapporten frå konferansen vart publisert i *Nytt om namn* 67/68, og eg vil særleg peika på artikkelen til Gunnstein Akselberg, der han går gjennom konsekvensane av at namnefaget blir nedprioritert. Konklusjonane hans gjeld framleis. Eg viser også til artikkelen til Brynjar Mørkved på s. 26 her i bladet. Det er ein kortversjon av eit lengre innlegg han har sendt til Trønderdebatt og NRKYtring. Mørkved har også gjort framlegg om at namnemiljøet og eventuelle medspelarar skriv eit ope brev til styresmaktene, der stoda for namnefaget og kva dette vil føra til, kjem tydeleg fram. Som ein liten kuriositet kan eg her nemna at den nye forskings- og høgare utdanningsministeren, Oddmund Løkensgard Hoel, starta som vitskapleg forfattar i *Namn og nemne* 6 (1989) med artikkelen *Striden om normering av stadnamn i etterkrigstida. Motiv, handlingar og motsetnader*.

Det har vore to styremøte i Namnelaget i 2023, og referata frå begge styremøta finn du her i bladet. Her kan dessutan nemnast at vi har starta arbeidet med å oppdatera nettsida og gjera ho meir aktuell, men det kan ta litt tid. Vi har i tillegg planar om å byrja å senda ut nyheitsbrev til medlemene.

I 2024 er det landsmøte, og styret tek sikte på å halda det i Oslo i slutten av november, truleg i samband med MONS (Møte om norsk språk). Når alt er på plass, vil det bli kunngjort på nettsida og ved å senda ut nyheitsbrev.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

NORSK NAMNELAG

Referat fra styremøte i Norsk namnelag 18. april 2023

Styret i Norsk namnelag hadde styremøte 18. april 2023 på Kartverket i Oslo. Til stede: Terje Larsen (leder), Gunnstein Akselberg (styremedlem), Karsten Lien (varamedlem), Ellen Marie Lund Foldal (styremedlem), Botolv Helleland (redaktør *Nytt om namn*), Wen Ge (redaksjonsmedlem *Nytt om namn*). Ivar Berg (redaktør *Namn og nemne*) deltok på de to første sakene.

Økonomien og *Namn og nemne*

Medlemstallet er nå 189 enkeltmedlemmer og 43 institusjoner, totalt ca. 230. Dette er en forholdsvis stor reduksjon fra tidligere medlemstall. Terje redegjorde for økonomien, som er et tilbakevendene problem. Han la fram ei liste over mulige tiltak som blei diskutert:

- Være nøkterne med sidetallet både i *Namn og nemne* og *Nytt om namn*. Dette bør vi prøve å få til.
- Sløyfe papirutgava av *Namn og nemne*. Det er trolig ikke noe stort problem å ha den digitalt, men vi kan risikere å miste medlemmer på den måten også. Botolv nevnte at medlemsmassen i Norsk namnelag kanskje foretrekker å få det på papir og ikke er så digitale av seg. Wen foreslo at man kan spørre i Facebook-gruppa om hva slags preferanser medlemmene har her.
- Søke støtte.

  Fra og med nr. 33 (2016) har vi ikke hatt trykkestøtte. For neste nummer av *Namn og nemne* er det søkt om støtte fra *Norskspråklege tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskap*. Svar på søknaden er ventet til sommeren. På siste styremøte blei Språkrådet og Kartverket nevnt som mulig bidragsytere. Språkrådet er ikke heilt avvisende, men i utgangspunktet har ikke Språkrådet mulighet til å gi ordinær støtte til publikasjoner.

  Søknad som er sendt til Kartverket, er avslått på grunn av anstrengt økonomi.

- Øke kontingenten til kr 350, ev. kr 400. Kontingenten er nå kr 300. Dette vil trolig føre til at medlemstallet går ytterligere ned, men kostnadene vil minske fordi det blir færre å kreve inn kontingent fra. Økt medlemskontingent må vedtas på neste landsmøte. Ivar spilte inn et forslag om at det kanskje hadde vært mulig kreve inn kontingent og holde oversikt over medlemslistene sjøl, og få noen til å gjøre det for en billigere penge enn Novus.
- Finne et «rimeligere» forlag. Neppe så lett å finne noe som er billigere.

Konklusjon: Dagens økonomiske situasjon er ikke bærekraftig, men fram til vi får svar på søknaden om trykkestøtte, er den også usikker. Styret tar situasjonen til etterretning, men avventer videre avgjørelser til vi får svar på søknaden. Styret tar en gjennomgang av økonomisk status på neste styremøte som bør være høsten 2023.

Facebooksida

Tonen fra enkelte på Facebooksida har vært et tema på flere styremøter, og noen har meldt seg ut på grunn av dette.
Konklusjon: Vi gjør ikke noe med dette foreløpig.

Nytt om namn

Neste nummer av *Nytt om namn* (73/74) er snart klar for utsendelse og er på ca. 100 sider. *Nytt om namn* skal være et typisk meldingsblad, og noen av artiklene kan kanskje være litt lange og tunge. Forslag fra Terje om at vi framover bør begrense sidetallet til 60–70 sider. Ellen Marie foreslo at man kan legge noen artikler ut bare på nettsida hvis man har overskudd av artikler til *Nytt om namn*. Dette vil også være med på å gjøre nettsida mer aktuell. Bokhylla.no: Terje har sendt forespørsel om å få tidligere årganger inn her, og fikk positivt svar, men har ikke fått svar på siste henvendelse.
Vedtak: Vi tilstreber å holde sidetallet nede på 60–70 sider de neste utgivelsene. Wen fungerer som redaksjonsmedlem i *Nytt om namn* fram til neste landsmøte.

Nettsida

Det er fortsatt en del artikler som bør oppdateres på nettsida. Botolv foreslo at noen artikler fra *Nytt om namn* tas ut og legges sjølstendig ut på nettsida. Ellen Marie informerte om av stofftilgangen fortsatt er veldig liten. Vi bør ha noen tanker om hva vi ønsker at nettsida skal være. Er det markedsføring av Namnelaget, et sted for å finne informasjon? Å fornye nettsida er en krevende jobb, og det var enighet om at det viktigste er at det som ligger der er riktig og

oppdatert. Karsten nevnte at det er lurt at det kommer noen nyheter ut på nettsida, og at man gjerne kan kombinere dette med å sende et nyhetsbrev ut til medlemmene for å generere trafikk til nettsida. Vi har e-postadressene til noen av medlemmene, men ikke alle. Vi må tenke litt over hvordan vi kan skaffe e-postadresser til fleste mulig medlemmer.
Konklusjon: Styret har et felles ansvar for å skrive nye ting til nettsida. Terje oppdaterer teksten om lov om stadnamn, Anne/Karsten oppdaterer teksten om Kartverket.

Personnamnlova 100 år
Styret har fått e-post fra Egil Nysæter som foreslo at Norsk namnelag burde markere hundreårsjubileet for personnamnlova nå i 2023. Wen informerte om at det planlegges seminar om personnavn i Bergen til høsten, og at det kan være en mulighet for å bidra fra Namnelagets side.

Utkast til nye vedtekter
Terje gikk gjennom utkastet til nye vedtekter, og det ble foretatt mindre justeringer av noen punkter.
Vedtak: Styret legger fram det reviderte forslaget til vedtekter på landsmøtet neste år. Vi legger fram to alternativer, med henholdsvis to eller tre års intervall på landsmøtet.

Neste landsmøte – Namnelaget 41 år
Neste landsmøte skal etter planen være i 2024. Det er enighet i styret om at høsten 2024 er et passende tidspunkt. Botolv mente at vi burde følge tradisjonen og ha en konferanse i tillegg. Hvis landsmøtet skal være på Språkrådet, kan de være en naturlig samarbeidspartner.
Konklusjon: Landsmøte blir høsten 2024, og vi prøver å få til en konferanse. Terje tar kontakt med Språkrådet og hører om de er interessert i et samarbeid.

Ymse
Wen og Botolv informerte om initiativet Wen har tatt for å få lagt Ryghs samling til Norges dokumentarv. Der er f.eks. norsk målføresynopsis fra før. Rygh-arkivet er på Riksarkivet, og det krever at de er positive til initiativet, og man trenger flere personer som kan støtte forslaget. Neste søknadsfrist er i 2024.
Konklusjon: Styret oppfordrer Botolv og Wen til å jobbe videre med dette.

Ellen Marie Lund Foldal
ellenmarielund@hotmail.com

Referat fra styremøte i Norsk namnelag 26. okt 2023

Styret i Norsk namnelag hadde siste styremøte 26. oktober 2023 på Kartverket i Oslo. Til stede: Terje Larsen (leder), Anne Svanevik (nestleder), Gunnstein Akselberg (styremedlem), Karsten Lien (varamedlem), Frode Myrheim (varamedlem), Botolv Helleland (redaktør *Nytt om namn*), Wen Ge (redaksjonsmedlem *Nytt om namn*).

Orientering om medlemssituasjon
Laget har nå 185 betalende enkeltmedlemmer og 44 betalende institusjonsmedlemmer, totalt 230. Av institusjonene er 11 utenlandske (Sverige, Danmark, Færøyene, Island, Tyskland, USA) og 33 norske (historielag, kommunale og fylkeskommunale, museum/høyere utdanning/forskning, forlag, kartverkskontor). Laget hadde 450 medlemmer i lang tid. Dagens tall på 185 er en dramatisk nedgang. Alle oppfordres til å verve nye medlemmer.

Økonomien og *Namn og nemne*
Namn og nemne har fått støtte i tre år framover fra *Norskspråklege tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskap*, 105 000 kr pr. år fra og med 2024. Dermed er den økonomiske situasjonen bra de nærmeste tre åra. Neste nummer (nr. 40) av *Namn og nemne* sendes til trykking i begynnelsen av november. Stofftilgangen er god.

Nytt om namn
Redaksjonen har nok stoff til et enkeltnummer, som kommer før jul (nr. 75). De har hele tida kontakt med redaksjonen for *Namn og nemne* mht. artikler som heller kan passe der. Universitetet i Oslo dekker fremdeles utsendingen av *Nytt om namn*, uten kostnad for Namnelaget.

Nettsida
Nettsida trenger oppdatering. Styret tar ansvaret for å gjennomgå fagartiklene. Egil Sølvberg (pensjonert programmerer) bistår med det tekniske. Vi innfører utsending av nyhetsbrev med jevne mellomrom. Eventuell modernisering av designet tas seinere.

Utkast til nye vedtekter
Styret går inn for å holde landsmøte annethvert år, og å heve kontingenten for

institusjonsmedlemmer fra 300 til 600 kr. Forslagene legges fram på neste landsmøte i 2024.

Høring om utfyllende regler om kvenske stedsnavn og revisjon av de utfyllende reglene for norske stedsnavn
Kvenske stedsnavn: Styret i Namnelaget har ingen kompetanse i kvensk og viser til uttalelser fra kvensk fagmiljø.
Norske stedsnavn: Lederen hadde satt seg godt inn i høringsutkastet, sendt ut av Språkrådet. Styret sluttet seg til alle kommentarene hans. Lederen utformer høringsuttalelsen fra Namnelaget. Frist 1. desember.

Seminar om personnavnloven i Bergen i 2024
Tittel: Den norske namnelova 1923-2023 – 100 år med regulering av kjønn.
Tentativt program ble delt ut. Antatt dato er 11. april 2024.

Landsmøtet 2024
Forslag om oktober/november, direkte etter konferanse, Oslo (Språkrådet).
Foreløpig tema for konferansen: Innsamling, tilgjengeliggjøring og utnytting av stedsnavn.

Ymse
Wen har skrevet til Riksarkivet for å få lagt Ryghs samling til Norges dokumentarv.
På oppdrag fra Språkrådet, har Telemarksforskning lagt fram en rapport som konkluderer med at et forskningssenter for norsk språk (inklusive navnegransking) bør bygges opp ved Universitetet i Bergen. Forskningssenteret bør knyttes til det eksisterende fagmiljøet i Språksamlingene, med Termportalen og ordboksarbeidet.
Namnelaget har fått henvendelse om et kunstprosjekt med arbeidstittel «Stedsnavn på folkemunne». Billedkunstner Toril Johannessen ønsker tips om lokale stedsnavn på folkemunne for steder og anlegg med tilknytning til militær aktivitet, fra andre verdenskrig fram til i dag. Prosjektet skal bli til en serie bilder i form av kart. Kartverket har fått samme henvendelse.

Bygde- og grendenavn er mangelfulle i Kartverket. Kartverket har dette på lista for kvalitetsheving av SSR, og ønsker skriftlige innspill fra kommunene (f.eks. på kartverket.no) om feil og mangler.

Stedsnavn er ofte skrevet feil på fylkeskommunale vegskilt. Generelt er fylkeskommunene dårligere enn kommunene og Vegvesenet til å følge regelverket.

Anne Svanevik
svafuru@gmail.com

Namn og nemne 40

I fjor fylte bidrag frå jubileumskonferansen for Norsk stadnamnarkiv i Bergen i 2021 eit tjukt nummer av *Namn og nemne*. I år er tidsskriftet tilbake i normalt gjenge og meir normalt omfang i sidetal, men likevel litt av kvart, både av gamle kjenningar og nye bidragsytarar.

Kristoffer KRUKEN skriv om ei bok om førenamn som Torleiv Hannaas (1874–1929) emna på, men aldri fullførde, medan Torodd KINN undersøkjer det sjeldne kvinnenamnet *Rise*. Frå grannelandet bidreg Olof HOLM med ein artikkel om gardsnamnet *Södssund* i Jämtland, medan Hanno SANDVIK diskuterer det fleirspråklege Tirol og korleis stadnamna der bør skrivast på norsk. Stig J. Helset har undersøkt sakene som har vore oppe i klagenemnda for stadnamnsaker dei siste ti åra, medan Agnete Nesse og Randi Neteland skriv om namn på jarnbanestasjonar og lokomotiv. Til sist er det fire bokmeldingar av fersk namnefagleg litteratur.

Tor Erik Jenstad
tor.jenstad@ntnu.no
Ivar Berg
ivar.berg@ntnu.no

NYTT FRÅ SPRÅKRÅDET / STADNAMNTENESTA / KARTVERKET

Tilskuddsmottagere 2023

Nr.	Søker – prosjektleder – kort beskrivelse	Beløp
1	Hitterøy Kystlag – Espen Landsnes – registrering av innsamlede stedsnavn på Hidra i Flekkefjord kommune	40 000
2	Fresvik Sogelag – Bjarne Bjørkevoll – innsamling og registrering av stedsnavn i bygda Fresvik i Vik kommune	37 000

3	Eresfjord og Vistdal fjellstyre – Dag Ringstad – ferdigstillelse av prosjekt med registrering av stedsnavn fra høyfjellet (Molde kommune, tidligere Nesset)	100 000
4	Eli Johanne Ellingsve – Eli Johanne Ellingsve – registrering av sekundære stedsnavn fra Ottar Gjelsviks hovedoppgave «Fjellnamn frå Rørosbygdene» (videreføring av det pågående Gjelsvikprosjektet)	40 000
5	Susendal bygdelag – Trine T. Bolstad – innsamling og registrering av stedsnavn i Susendalen og Ørjedalen (Hattfjelldal kommune)	70 000
6	Eiken Sogelag – Torfinn Normann Hageland – registrering og kartfesting av navn fra de seks bindene av Gards- og ættesoge for Eiken (Hægebostad kommune)	100 000
7	Land museumslag – Ola Hellerud – innsamling og registrering av stedsnavn fra Nordre og Søndre Land kommuner (påbegynt prosjekt)	90 000
8	Langvassgrenda bygde- og ungdomslag – Øyvind Snefjellå – innsamling og registrering av stedsnavn i Langvassgrenda	180 000
9	Stange historielag – Oskar Hjermstad – registrering av innsamlede stedsnavn fra Stange kommune	95 000
10	Smøla historielag – Rannei Botten – innsamling og registrering av stedsnavn i Smøla kommune (øyas midtdel og østside) og registrering av tidligere innsamlinger	75 000
11	Røros Museums- og historielag – Knut Wolden – registrering av allerede innsamlede navn (også samarbeid med Eli Ellingsve)	150 000
12	Asker og Bærum Historielag – Morten Bergan – registrering av navn fra gamle kart samt nylagede navn	Søker kun om tilgang
13	Anne Lise Fløtre – Anne Lise Fløtre – registrering av innsamlede stedsnavn i Breim (Gloppen kommune)	108 000
14	Lunde Mållag – Kristian Hanto – innsamling av navn fra Lunde i Nome kommune	329 000

Line Lysaker Heinesen
line.lysaker.heinesen@sprakradet.no

Referat fra Klagenemnda for stedsnavnsaker 2023

Klagenemnda for stedsnavnsaker hadde møter 15. mars og 25. august (hybridmøter fysisk/Teams). Skjemaet nedenfor viser sakene som ble behandlet på disse møtene. Fullstendige vedtaksreferater finnes på Språkrådets nettsider.

Sak nr.	Navn, kommune, fylke	Navnetype	Klagers ønske	Vedtak i klagenemnda
1/2022	*Byrkije*/*Burkije/Burkeje*, Røyrvik, Hattfjelldal, Grane og Namsskogan kommuner, Trøndelag og Nordland fylker	Naturnavn	Burkije (Hattfjelldal kommune), Burkeje (Rørvik kommune)	Burkije
10/2022	*Gunnilsbu*/*Gunhildsbo*, Arendal kommune, Agder fylke	Gårds- og bruksnavn	Gunhildsbo	Gunnilsbu
11/2022	*Engje*/*Engen*, *Bromsdalen*/*Brumsdalen* mfl., Rollag kommune, Viken fylke	Se fullstendig liste nedenfor		
12/2022	*Krokenlia*/*Kroklia*, Nes kommune, Viken fylke	Adressenavn	Kroklia	Krokenlia
13/2022	*Vennemoveien*/ *Hveinemoveien*, Aurskog-Høland kommune, Viken fylke	Adressenavn	Hveinemoveien	Hveinemoveien
14/2022	*Fetjo*, *Heggeruste* mfl., Hemsedal kommune, Viken fylke	Se fullstendig liste nedenfor		
1/2023	*Strånnebakken*/ *Strondebakken*, *Solhougtoppen*/ *Solhaugtoppen* og *Fladenveien*/*Fladeveien*, Farsund kommune, Agder fylke	Adressenavn	Strondebakken, Solhaugtoppen, Fladeveien	Strondebakken, Solhaugtoppen, Fladenveien
2/2023	*Skage sentrumsboliger*, Overhalla kommune, Trøndelag fylke	Reguleringsplan	Annet navn	Saken avvises
3/2023	*Engjavik*/*Engevik*, Fitjar kommune, Vestland fylke	Gårdsnavn og avledede navn	Engevik	Engjavik
4/2023	*Aklangveien*/	De to adressenavnene ble påklaget i 2020. Det ble		

	Aklangsveien og *Sesserudveien*/ *Sessrudveien*, Ringerike kommune, Viken fylke	deretter gjennomført navnesak, men det kom ikke inn klager på vedtakene i denne navnesaken. Siden det dermed ikke foreligger gyldige klager på adressenavnene, behandlet ikke nemnda saken i denne omgang.		
5/2023	*Trøgstad*/*Trygstad* og avledede navn, Ringerike kommune, Viken fylke	Gårdsnavn, bruksnavn og avledede navn	Trygstad	Trøgstad
6/2023	*Hommersåk Terrasse* / *Hommersåk terrasse* / *Adolph Monsens vei*, Sandnes kommune, Rogaland fylke	Adressenavn	Adolph Monsens vei (Riska historie- og museumslag), Hommersåk terrasse (Kartverket)	Hommersåk terrasse
7/2023	*Åsevågveien* / *Vædingveien*, Lyngdal kommune, Agder fylke	Adressenavn	Åsevågveien	Åsevågveien
8/2023	*Hvåla*/*Wåle*/*Waale*, Larvik kommune, Vestfold og Telemark fylke	Gårds- og bruksnavn	Wåle eller Waale	Hvåla (og Hvåla- i sammensetninger)
9/2023	Manglende gjenåpning av adressenavnsaker, Kristiansand kommune, Agder fylke	Kartverket har bedt Kristiansand kommune gjenåpne adressenavnsaker med forleddene Benestad og Lohne etter klagenemndas vedtak om Beinestad og Lone i 2021. Etter at nemnda sendte brev til kommunen og bad dem endre adressenavnene i samsvar med vedtatte skrivemåter, har kommunen gjenåpnet adressenavnsakene. Saken ble derfor ikke behandlet av nemnda i denne omgang.		
10/2023	*Nupenveien*/*Nupsveien*, Harstad kommune, Troms og Finnmark fylke	Adressenavn	Nupsveien	Nupsveien
11/2023	*Spilhaugveien* / *Spelhaugveien*, Aurskog-Høland kommune, Viken fylke	Adressenavn	Spelhaugveien	Spelhaugveien
12/2023	*Rødland*/*Rolland*, Osterøy kommune, Vestland fylke	Klage på avslag om gjenopptaking	Saken gjenopptas	Klagen ble avvist
13/2023	Skrivemåten *bro* eller *bru* for kommunale bronavn i Sandvika, Bærum kommune, Viken fylke	Navn på kommunale broer	-bru-	Kommunens vedtak om -bro- er innenfor regelverket
14/2023	*Skarpenesfjellet* / *Skarpanesfjellet*, Askøy	Adressenavn	Skarpanesfjellet	Skarpanesfjellet

	kommune, Vestland fylke			
7/2022 (2. gangs beh.)	*Brenngam* / *Brenngammen*, Lebesby kommune, Troms og Finnmark fylke	Grendenavn	Brenngammen	Brenngammen

Klagesak 11/2022

Nr.	Navnetype og evt. gnr/bnr	Kartverkets vedtak	Klagers ønske	Vedtak i klagenemnda
1	Bruk (71/12 og 71/13)	**Engje** i samsvar med lokal, nedarvet uttale og tradisjon for -i eller -e på kart	**Engen** pga. skrifttradisjon og skrivemåten av slektsnavn	**Engje**
2	Bruk (71/1)	**Brumsdalen**, jf. § 4 i loven og § 1 i forskriften	**Bromsdalen** pga. skrifttradisjon og samsvar med uttale	**Bromsdalen**
3	Myr	**Brumsdalsmyran**		**Bromsdalsmyran**
4	Bruk (71/14)	**Brumsdalen skog**		**Bromsdalen skog**
5	Gård (78)	**Fetjan** pga. navnets opphav og rettskrivningen, samt lang tradisjon på Norge 1:50 000		**Fetjan**
6	Bruk (78/1)	**Søre Fetjan**		**Søre Fetjan**
7	Bruk (78/2)	**Nord-Fetjan**, *Nord-* i samsvar med talemål og normeringspraksis	**Nordre Fekjan** pga. skrifttradisjon	**Nord-Fetjan**
8	Bruk (78/7)	**Fetjan**		**Fetjan**
9	Bruk (78/9)	**Søre Fetjanskogen**		**Søre Fetjanskogen**
10	Bruk (78/17)	**Vesle Fetjan**		**Vesle Fetjan**
11	Bruk (78/25)	**Fetjan fjellfisk**		**Fetjan fjellfisk**
12	Bruk (78/26)	**Fetjan fiskebu**		**Fetjan fiskebu**
13	Bruk (78/33)	**Søre Fetjan grustak**		**Søre Fetjan grustak**
14	Bruk (78/35)	**Nord-Fetjanskørre**		**Nord-Fetjanskørre**
15	Tjern	**Fetjantjønne**		**Fetjantjønne**
16	Tjern	**Fetjantjønne**		**Fetjantjønne**
17	Bruk (78/4)	**Vårviken**, jf. rettskrivningen og lang tradisjon i skriftlige kilder	**Wårviken** pga. eldre skrivemåter og skrivemåten av slektsnavnet	**Vårviken**
18	Bruk (78/21)	**Vårvikhaugen**		**Vårvikhaugen**
19	Seter	**Vårvikdalen**		**Vårvikdalen**
20	Øy	**Vårvikøy**		**Vårvikøy**
21	Veisving	**Vårviksvingen**		**Vårviksvingen**
22	Gård (83)	**Vidhåmmår**, *Vid-* pga.	**Vihåmmår** pga.	**Vihåmmår**

		rettskrivningen	uttalen. Klager mener også at «Vid» er en levning etter dansketiden	
23	Bruk (83/1)	**Søre Vidhåmmår**		**Søre Vihåmmår**
24	Bruk (83/2)	**Nord-Vidhåmmår**		**Nord-Vihåmmår**
25	Gård (38)	**Lågårgarden** pga. uttalen og bruken på Norge 1:50 000 og i bygdeboken	**Laugergården** pga. skrivemåten i eldre papirer og skrivemåten av etternavnet	**Lågårgarden**
26	Bruk (38/1)	**Lågårgarden**		**Lågårgarden**
27	Bruk (38/4)	**Lågårgardens fallrett i Lågen**		**Lågårgardens fallrett i Lågen**
28	Myr	**Lågårgardsmyran**		**Lågårgardsmyran**
29	Seter	**Lågårgardssetre**		**Lågårgardssetre**
30	Gård (31)	**Gardar**		**Gardar**
31	Bruk (31/1)	**Nord-Gardar**, *Gardar* pga. uttalen og rettskrivningen, *Nord-* i samsvar med talemål og normeringspraksis	**Nordre Gaarder** pga. skrivemåten av etternavnet	**Nord-Gardar**
32	Bruk (31/4)	**Søre Gardar**		**Søre Gardar**
33	Seter	**Gardarsetre**		**Gardarsetre**
34	Bruk (31/5)	**Nord-Gardars fallrett i Lågen**		**Nord-Gardars fallrett i Lågen**
35	Bruk (31/6)	**Søre Gardars fallrett i Lågen**		**Søre Gardars fallrett i Lågen**

Klagesak 14/2022

Nr.	**Navnetype og evt. gnr/bnr**	**Kartverkets vedtak**	**Klagers ønske**	**Vedtak i klagenemnda**
1	Støl	**Fetjo**, -tj- i samsvar med etymologisk opphav	**Fekjo**, jf. skrivemåten i bygdeboken og på lokale kart	**Fetjo**
2	Utmark	**Fetjane**, -tj- i samsvar med etymologisk opphav		**Fetjane**
3	Støl	**Fetjane** (hovednavn) / **Fetjastølane** (undernavn)		**Fetjane/ Fetjastølane**
4	Bekk	**Fetjaåne**, -tj- i samsvar med etymologisk opphav		**Fetjaåne**
5	Li	**Fetjalie**, -tj- i samsvar med etymologisk opphav		**Fetjalie**

6	Støl	**Heggeruste**, jf. tilrådingen fra Språkrådet		**Heggerusten**
7	Stølseiendom (51/20)	**Heggeruste**, jf. tilrådingen fra Språkrådet	**Heggerusten**	**Heggerusten**
8	Eiendom	**Søre Heggeruste**, jf. tilrådingen fra Språkrådet		**Søre Heggerusten**
9	Myr	**Skytjumyrane**, -tj- i samsvar med norske rettskrivningsprinsipper	**Skykjumyrane**, «Stadnamngrup pa presiserer at Skjykju er eit nedfalls, simpelt, gissent bygg»	**Skytjumyrane**

Line Lysaker Heinesen
line.lysaker.heinesen@sprakradet.no

Stadnamntenesta og fagrådet for stadnamn i 2023

Stadnamntenesta er del av Språkrådet og ligg til seksjonen for språkrøkt og språkrådgjeving. I 2023 har stadnamntenesta bestått av tre rådgjevarar som behandlar saker som gjeld norske stadnamn og éin rådgjevar som gjev tilrådingar i kvenske stadnamnsaker. I tillegg til rådgjevarane er det oppnemnt eit fagråd for stadamn bestående av fem eksterne namnekonsulentar for norske stadnamn og éin for kvenske stadnamn.

I 2023 har desse sete i fagrådet: Ivar Berg (leiar), Irene Andreassen (kvenske stadnamn), Roger Lockertsen, Anne Svanevik, Rune Røsstad og Ingvil Brügger Budal. Fagrådet har møte rundt ein gong per kvartal. I møta tar ein opp generelle saker som gjeld stadnamnarbeid og stadnamnlovgjeving i Noreg i tillegg til saker om spesifikke stadnamn. I 2023 har fagrådet hatt fire møte. To av desse var fysiske møte i Oslo (det siste i samband med det årlege fellesmøtet mellom styret i Språkrådet og fagråda) og to møte var digitale. Mellom møta har det vore stadnamnfaglege diskusjonar på e-post mellom medlemene i fagrådet.

I 2022 og delar av 2023 har fagrådet arbeidd med endringar i lista med utfyllande reglar for skrivemåten av norske stadnamn i lys av endringane i stadnamnlova og i forskrift om stadnamn. Reglane var ferdig oppdaterte til

sommaren og den nye versjonen vart send ut på høyring i august med høyringsfrist 01.12.2023.

Vidare har fagrådet hatt oppe til diskusjon ei rekkje namnesaker og andre saker i løpet av året. Nokre av desse er nemnde under (i namnesakene er det aktuelle kommunenamnet oppgjeve):

- Oppkallingspraksis i høve til FN-resolusjonen om oppkalling av personar. Her vil stadnamntenesta halde fram med å orientere om resolusjonen, men til vanleg ikkje rå ifrå framlegg som elles følgjer reglane.
- Vedtaket om skrivemåten *Fåra* som gardsnamnform i Stavanger kommune;
- Korleis stadnamntenesta skal handsame oppdikta naturnamn;
- Skrivemåten av namnet Kjelevann i Birkenes kommune;
- Bruken av namneleddet -*fant*- i offisielle stadnamnformer;
- Saka om skrivemåtane *Langenveien*/*Langsveien* i Rakkestad kommune;
- Tilråding om skrivemåten *Rugtvet* som gardsnamn i Bamble kommune.

I oktober vart det arrangert samrådingsmøte i Kautokeino i regi av Sametinget (sjå eigen rapport frå og om dette møtet). På Samrådingsmøtet var både fagrådet og rådgjevarane i stadnamntenesta representerte fysisk. Dei som ikkje kunne vere fysisk til stades, følgde møtet via videolenke.

Ellen Hellebostad Toft
ellen.toft@sprakradet.no

Fleire tek e-læringskurset *Vegen til stadnamnet*

Etter at e-læringskurset *Vegen til stadnamnet* kurset vart lansert våren 2021, har det nådd breitt ut til og blitt gjennomført av mange av dei vi reknar som tilhøyrande målgruppa. Kurset ligg på nettstaden Læringsplattforma som er eigd av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ), og DFØ kan melde om følgande oppdaterte tal per desember 2023:

Det har kome inn fleire nye evalueringar i løpet av året, og desse er prega av høge skåringar – fleire deler ut karakteren 6, den høgast moglege, på alle dei tre disiplinane som er til vurdering. Det kjem rett nok ei tilbakemelding om at ei av lenkene ikkje lenger fungerer, og dette heng saman med at Kartverket har fått nye nettsider og har omarbeidd adresserettleiaren sin, slik at den originale sida har blitt sletta. Dette problemet vil bli retta opp.

Nøkkeltala er elles at i løpet av 2023 er det 73 nye brukarar og at 49 nye har fullført heile kurset. Totalt har 377 no tatt heile eller delar av kurset, 176 har gjennomført alle modular. Talet på skriftlege evalueringar og karakterevalueringar er no 20.

Det ligg lenke til kurset lett tilgjengeleg på framsida til Språkrådet si nettside, og kurset ligg også på Kartverket sine nettsider. Når Språkrådet sender ut tilrådingar i adresseringssaker, blir lenka til e-læringskurset lagd ved nedst i tilrådingsbrevet dersom kommunen ikkje har fått lenke tidlegare. Dei fleste av kommunane i landet har i tillegg mottatt ein e-post med informasjon om kurset.

Ellen Hellebostad Toft
ellen.toft@sprakradet.no

PROSJEKT OG INNLEGG OM NAMN

Norsk Ordbok reviderer innbyggjarnemningar

Innbyggjarnemningar uttrykkjer identitet og stadtilknyting, og dei er ein sjølvsagd ordtype å inkludera i ordbøker. Mengda av slik ord er så stor at det er vanskeleg å dra grensa for kva som skal vera med eller ikkje, og lemmaseleksjonen bør byggja på stabile kriterium.

Norsk Ordbok byggjer på kommuneinndelinga frå 1947. Frå om lag 750 kommunar i 1947 vart talet redusert til 444 i 1964 (Schei-komiteen) og vidare ned til 358 frå 1.1.2020. I begge desse rundane oppstod det nye kommunenamn, som i neste omgang skapte trong for nye innbyggjarnemningar. I oppslagsverk på nettet kan ein sjå tydelege tendensar til at ein prøver å vera mest mogeleg oppdatert og heildekkjande på slike nemningar, det gjeld både SNL og Wikipedia.

Innhaldsrevisjonen av Norsk Ordbok a–h (NO-AH) er no komme eit stykke ut i bokstaven a. Papirversjonen av band 1 kom ut i 1966 og har berre med sju nemningar frå fire kommunar under bokstaven a: *altværing* (Alta) a*kersbygding, akersokning* (Aker, nedlagd 1948), *arendalitt* "(mest bym.)", *arendøl, arendaling* (Arendal) og *aurgjelding* (Aure). Til jamføring har lista som Språkrådet har laga, 19 innbyggjarnemningar på a- som kan knytast til kommunar (versjon 13.09.23) Talet på kommunale innbyggjarnamn har auka gjennom resten av ordbokverket.

Praksisen i Norsk Ordbok har vore å ta med innbyggjarnemningar ned til det kommunale nivået, basert på inndelinga frå 1947. Teoretisk skulle det då finnast 750 kommunale innbyggjarnemningar i verket. Å streva etter ein-til-ein-samsvar mellom kommunestruktur og innbyggjarnemningar i ei ordbok ville sjølvsagt vera nokså meiningslaust. For nedlagde kommunar er dei tilhøyrande innbyggjarnemningane "nedgraderte" og derfor frå ei side sett ikkje relevante som oppslag. Ved revisjonen er det no teke inn eit nytt lemma for ei slik nedgradert nemning:

agdenesing m [ag`denesing] person som bur i el er frå Agdenes i Trøndelag. [Red. Tor-Erik Jenstad]

Nemninga var ikkje oppslag i Norsk Ordbok band 1. Agdenes var eigen kommune mellom 1964 og 2020. Nemninga/ordet er likevel ein levande språkleg storleik, og er derfor no altså oppgradert til lemma. Etter kvart som revisjonsarbeidet går framover, kan det verta aktuelt å ta inn mange fleire slike. Når det gjeld Agdenes, er den no del av den nye Orkland kommune, og det kommunenamnet er nytt. I andre tilfelle vert eksisterande kommunenamn brukt for samanslegne kommunar, og har såleis fått utvida ekstensjon, men dette viser ikkje att i lemmatiseringa av innbyggjarnemningar, t.d. *øygarding* for både gamle og nye Øygarden (= Fjell, Sund og gamle Øygarden).

Nokre nye kommunar har fått heilt nye namn, derfor oppstår det òg ein trong for nye innbyggjarnemningar – dette er ofte avspegla i avisspaltene. I strekket a–h gjeld det Alver, Bjørnafjorden, Fjord, Færder, Heim og Hustadvika. Det er ikkje ei oppgåve for ei dokumentasjonsordbok å skapa nye nemningar, men i ein alfabetorientert framdriftsplan er det ein fordel å kunna henta med seg nemningane som manglar, men som fyller lemmakrava. Det hastar mest med Alver, som er først på lista:

alverbu m [al'verbu; til namnet Alver og -bu] 1 person som bur i eller er frå Alver (ny kommune frå 2020) i Nordhordland (Strilen 2020). 2 sj, person som bur i eller er frå garden Alver i tidlegare Alversund kommune (FjonFusa 1975,73 og 103). [Red. Tor Erik Jenstad]

Denne ordartikkelen er nett ferdigbehandla og publisert, og byggjer på dokumentasjon frå skriftleg tekst etter vanlege prinsipp (A-tekst). Det er ikkje alle dei nye kommunane i strekket *a–h* som kan visa til stabil bruk av nye,

tilsvarande innbyggjarnamn, men dette kan ha endra seg når revisjonsarbeidet når fram til dei. Den neste på lista er *bjørnafjording*, av Bjørnafjorden. Med dagens ressurssituasjon kjem det til å ta ei stund å nå dit.

Kommunenivået seier ikkje alt om kva type lokalsamfunn som er viktige. Nokre gamle landområde eller kommunedelar er på nokre tiår urbaniserte frå bondebygd til tettstader og bydelar like store som mange sjølvstendige bykommunar, t.d. Groruddalen og Fyllingsdalen. Det finst ingen tunge argument for å halda ute nemningar som *groruddøl* og *fyllingsdøl.*

Denne korte gjennomgangen viser at redigeringsprinsipp aldri kan praktiserast slavisk over lang tid når dei administrative og sosiale realitetane endrar seg. Det vil krevja ein del arbeid å etterfylla NO-AH med nedgraderte innbyggjarnemningar som framleis er livskraftige, og å opna for nyare urbaniseringsprodukt som er komne til dei siste femti åra.

Johan Myking
johan.myking@lle.uib.no

Personnamnseminar i Bergen i 2024: Den norske namnelova 1923–2023 – 100 år med regulering av kjønn

Det er 100 år sidan Noreg si fyrste namnelov kom til, og den nyaste namnelova har blitt 20 år. Dette markerer vi med eit ope seminar 11. april 2024 på Bergen Offentlege Bibliotek. Seminaret er retta mot eit allment publikum interessert i personnamnbruk og kjønna namnepraksisar, og er eit samarbeid mellom Skeivt arkiv og Språksamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen, og Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske fag ved Universitetet i Bergen.

Eit viktig føremål med den fyrste lova var å sørge for orden, og det gjorde ho ved å pålegge alle nyfødde faste etternamn. Følgjande sitat frå sorenskrivaren i Ringerike vart nytta i namnelovsarbeidet for å skildre den manglande ordenen i namnebruken:

Man kan saaledes ofte paa en og samme Dag se en Person underskrive sig først Nils Olsen og saa Nils Pedersen. Og Enker og gifte Koner varierer med 4 Navne respektive efter Far, Bedstefar, Mand og Svigerfars Fornavn. Hvis Maren er Datter av Hans Nilssøn og gift med Per Jenssøn, kalder hun sig vexelvis Maren Hansdatter, Hansen, Nilssen, Persen og Jensen.

Det faste etternamnet skulle vere faren sitt etternamn, som gjerne var fornamnet til farfaren med eit «son» bak, eller namn frå gardsbruket ein kom frå. Det var mannslinja som skulle følgjast og som var det ordnande prinsippet. Også fornamna har blitt regulert, ikkje minst gjennom at gutebarn og jentebarn skulle få gutenamn og jentenamn. Skilje mellom kjønn vart i stor grad gjort gjennom hierarkisk ordning av slektskap gjennom mannslinja, og gjennom skiljet mellom kva som er oppfatta som passande fornamn for jenter, og passande fornamn for gutar.

Studiar av namn som viser korleis sosiale og kulturelle aspekt, og situasjonen namna blir tatt og brukt i, kan kallast sosio-onomastikk. Det er i dag få i Noreg som forskar på personnamn i eit sosio-onomastisk perspektiv, sjølv om dette er eit tema med stor interesse blant det allmenne publikum. Alle har namn og brukar namn på ulike vis alt etter situasjonen dei er i, og personane dei møter, om det er på skulen, i arbeidslivet, mellom slektningar eller i dataspel.

inaugural chair of the United Nations Permanent Forum on Indigenous Issues (UNPFII).

In the collaborative meeting in Guovdageaidnu, Magga illustrated how joiks, the chanting songs of the Sámi people, seek to describe a place. A joik performs the locality, so to speak. Many natural features have, in this way, acquired their own accompanying joik. Among the joiks he performed to the audience, was the name *Onnegeađgi* in Kvænangen. *Onni* is Finnish and means "happiness". The word *geađgi* means "stone," so the full meaning is "Happiness Stone". The words in the joik are "the spirit from the nine valleys". “The nine valleys” symbolize the world, a reference that resonates with Indigenous peoples worldwide.

A path to reconciliation?

The Act has notably increased awareness of Sámi and Kven names in Norway's multilingual landscape over the past three decades. However, resistance to multilingual road signs in public spaces still exists. The controversy surrounding the signs originates from a deep-seated cultural and ethnic conflict between Norwegian, Sámi, and Kven identities, rights, and territories, materialized through these signs.

Around year 2000, signs with Sámi names were installed. These signs were often subjected to vandalism, such as tagging and shooting. One known example of this is the sign of Gáivuona suohkan (North Sámi) and Kåfjord kommune (Norwegian). Today, the municipality also has an official name in Kven; Kaivuonon komuuni.
Photo: Hilde Solid

Despite these challenges, ongoing collaboration between the Sámi Parliament, the Mapping Authority, and the Language Council is in place to further improve the representation of Indigenous and minority names.

Ingvil Nordland
Senior Advisor for the Language Council of Norway
E-mail: Ingvil.nordland@sprakradet.no

Norway: Researching and promoting Sámi geographical names[2]

Pioneer in Sámi Onomastics

The Sámi University of Applied Sciences provides courses in Sámi geographical names at all academic levels, Bachelor's, Master's, and PhD, with Professor Kaisa Rautio Helander as the lecturer. Prof. Helander has been working for several years to establish Sámi onomastics as a discipline and attended the collaboration meeting in Guovdageaidnu between the Sámi Parliament, the Language Council of Norway and the Norwegian Mapping Authority from October 17th to October 19th, 2023. She explains that Sámi University of Applied Sciences is the only higher education institution in the entire Nordic region where Sámi onomastics is offered as a subject, with multiple courses available. Helander emphasizes the significant contribution of Sámi onomastics to knowledge dissemination and enhancement within the Sámi community and society, as well as in the broader society:

[2] Dette innlegget blei publisert først i *UNGEGN Information bulletin* no. 66 (2023: 39-40). Noen få justeringer er foretatt her i *Nytt om namn*.

Kaisa Rautio Helander is a recognized and respected professor in Sámi onomastics, both in the Nordic community and internationally. She is a pioneer in the discipline and serves as a great inspiration to many.
Photo: The Sámi University of Applied Sciences

“It is crucial to establish a research environment for Sámi geographical names, mirroring the importance given to onomastic research in any majority language”.

An additional dimension to the University’s program is that all courses are conducted in Sámi, ensuring that those studying Sámi onomastics possess a profound understanding of Sámi culture, identity, and language.

A journey in Sámi geographical names

In one of the courses named "Báikenamat oahpponeavvun," which translates to "Geographical names as Educational Resources," the task is to create both a digital and a non-digital educational resource. In the collaborative meeting, Maria Louise Sara, a key organizer of the meeting representing the Sámi Parliament and an UNGEGN expert, shared her work created during her participation in this course.

Choosing to create the non-digital part in a format, she focused on the river Kárášjohka, utilizing topographic appellatives linked to the river. This game, accessible to those with Northern Sámi competence, features the river running through the town where she is from. Her father's assistance in explaining topographic appellatives proved invaluable, she explained. The name of the game is "Čuoibmut" ('to paddle') with questions about places in and along the Kárášjohka river.

Here, Maria Lousie Sara is showcasing what initially started as a student assignment that has turned into a real board game available for sale.
Photo: private

For the digital task, she decided to contact the organizers of Finnmarksløpet to ask if they were interested in including the Sámi names for the check points. Finnmarksløpet, The Finnmark race, is the world's northernmost and Europe's longest sled dog race. Sara, who has participated in the race multiple times herself, explains how the idea emerged:

"I grew up with a father who worked with reindeer. He has always been known for being very familiar with, and highly accurate when navigating the mountains. Moreover, he has taken me to the mountains in all kinds of weather, often leaving me alone with my dog to herd the flock. This has led to me not needing GPS when I train my dogs on the plateau".

As Finnmarksløpet gained global attention with participants from various nations, Sara found it regrettable that the checkpoint names were exclusively written in Norwegianized versions, given that most checkpoints are situated in settlements with frequently used Sámi names. Motivated by a desire to decolonize and preserve the language, preventing Sámi names from being perceived as merely attributes, she wanted to make visible that these areas are not desolate, as often referred to by the majority society as "untouched territories". Rather, they have names signifying a rich history, usage, and the presence of the Sámi people. She adds that it's crucial to see the area traversed by Finnmarksløpet is the land of the reindeer, emphasizing the temporary

presence of her people. This perspective, stemming from her upbringing in a reindeer herding family, provided inspiration and joy in the process.

Maria Louise Sara has Siberian Huskies, originally bred by an Indigenous people in Siberia. When you see her and her dogs traverse the stunning, freezing landscape, it's an indigenous team in action!
Photo: private

Understanding the difficulty in pronouncing many of these names for outsiders, she created a digital book allowing users to listen to the names, read a brief text, and view an image of the location. Additionally, she incorporated the Sámi geographical names into the route map of Finnmarksløpet, enhancing the updated map available on their website. You can watch videos where she explains Sámi names at checkpoints along the trail route of the Finnmarksløpet dog sled race here: https://checkpoints.finnmarkslopet.no/.

UNGEGN Experts from Norden Division gathered in Guovdageaidnu. From the left: Ingvil Nordland, Maria Louise Sara and Peder Gammeltoft
Photo: private

From father's footsteps to master's thesis

Sara, who holds the position as a secretary for the Sámi Place Names Consultancy Service in the Sámi Parliament, is currently pursuing a master's degree in Sámi geographical names. Initially intending to focus on names related to reindeer husbandry, she followed a different yet intriguing path. Her thesis involves interviewing her father and his childhood friend, who, despite growing up in traditional mountain dwellings, became passionate fishermen. Her research delves into analyzing topographic appellatives in geographical names and exploring semantic aspects, utilizing distinct approaches with a significant reliance on informant explanations.

When asked about the motivation behind pursuing a master's degree in Sámi geographical names, Sara explained:

"The decision to delve into geographical names originated from various bachelor's courses in this field. Kaisa Rautio Helander, both as an individual and lecturer, sparked my interest. Through these courses, my connection with my father gained a new depth. Growing up with a father known for his familiarity with the terrain and navigating accurately in the mountains I felt a deep sense of pride. His influence, combined with Kaisa's guidance, has shaped my journey, offering a unique perspective on familiar places and the wisdom imparted by both my father and the winds sweeping across the plateaus".

Ingvil Nordland
Senior advisor for the Language Council of Norway
E-mail: Ingvil.nordland@sprakradet.no

NAMNEFAGLEGE PORTRETT

Line Førre Grønstad – ei ny stjerne i personnamngransking

Line Førre Grønstad (43) er tilsett ved Universitetet i Bergen og har fleire roller: Fagleg leiar for Skeivt arkiv, kulturvitar og ikkje minst personnamngranskar. I desember 2020 forsvarte ho doktorgradsavhandlinga si om menn sine val av etternamn i parforhold. *Nytt om namn* har diverre gått glipp av arbeidet hennar so langt, men det er aldri for seint å verta kjent med ein namnegranskar med ein slik mangfaldig bakgrunn. Me har gleda av å introdusera Line i dette nummeret av meldingsbladet.

Line Førre Grønstad. Foto: Privat

Wen: Du har ein mangesidig fagleg bakgrunn. Kan du fortelja oss litt om han?
Line: Eg er kulturvitar, og kulturvitskap er eit fag det går an å ta i mange retningar. Snart vart eg interessert i museologi, både i Noreg og som del av eit utvekslingsopphald i Sør-Afrika. Masteroppgåva mi skreiv eg om to sørafrikanske museum. Etter to år med oppdragsforsking og ein MBA (Master in business administration) fekk eg arbeid på Norsk etnologisk gransking ved Norsk Folkemuseum, og der fekk eg vere med på å dokumentere dagleglivet i Noreg ved hjelp av spørjelister.

Wen: Og så har du eit stort bidrag til personnamngransking. I desember 2020 forsvarte du doktorgradsavhandlinga di med tittelen *Fellesskap og individualitet. Kjønna etternamnsval blant norske menn i heterofile parforhold* ved Universitetet i Bergen. Kva handlar avhandlinga om, og kva motiverte deg til å granska akkurat dette emnet?

Line: For å ta det siste først: Ei av spørjelistene vi sende ut, handla om etternamnsval, og der spurde vi kva folk har gjort, kva slags reaksjonar dei har fått, og kva dei tenkjer om namngjeving av born. Svara på denne spørjelista tykte eg var særs interessante, ikkje minst korleis dei skilde seg ut på kjønn. Dette ville eg arbeide meir med, og då eg grov meg ned i faglitteraturen om

etternamn, vart det snart klart at det meste handla om kvinner sine val. Eg fatta difor interesse for menn, og ønskte å fordjupe meg i kva norske menn i forhold med kvinner gjer.

Wen: Korleis var det å forska på dette emnet? Kan du fortelja litt om kva som var spennande, og kva som var utfordrande?

Line: Då eg byrja i 2016, hadde eg allereie 101 spørjelistesvar frå menn om namneval. Men det var få som fortalde om menn som endra namn, og eg etterlyste difor slike menn gjennom Facebook og i media. Planen var å gjennomføre intervju, men eg fekk så mange svar, at eg sende ut ei eiga spørjeliste til dei, og gjennomførte berre nokre få intervju basert på dei 60 svara eg fekk gjennom denne spørjelista. Eg fekk mange gode refleksjonar frå mennene, og grunngjevingane deira for å halde på namnet, eller for å endre namn, var mangfaldige. Det mest utfordrande var kanskje å sjå mønstera i vala mennene gjorde utan samstundes å tone ned dette mangfaldet. Men det var også noko av det mest spennande med arbeidet.

Wen: Kva vart konklusjonen i avhandlinga di?

Line: Den viktigaste konklusjonen er kan hende den at kjønn i stor grad påverkar korleis val av etternamn blir gjort, og at menn som gjer uvanlege namneval i større grad, møter meir motstand enn andre menn. Vidare at det gjerne kunne vere kvinna i forholdet som fyrst tok opp temaet om namn, og at dette var noko berre få menn hadde tenkt på i forkant.

Wen: Korleis vil du plassera forskinga di i det namnevitskaplege landskapet?

Line: Eg har vore mest interessert i kva som får menneske til å handle på visse måtar, og korleis kjønn speler inn i det. Namneval blir dermed eit døme på visse handlingsmønster som kan seie noko utover sjølve namna som står i sentrum for valet. Dersom mannen sitt namn framleis står i sentrum som det mest naturlege valet, seier det noko om kjønnslikestilling, utover gjennomsnittsløn og tid brukt på husarbeid og barn. Såleis skil arbeidet mitt seg ut frå namnegransking som granskar sjølve namna. Det er meir i tråd med den type gransking på namn i ekteskap og familie som ein ser i land som USA og Storbritannia.

Wen: Korleis vil du bidra til namnegransking framover?

Line: Så langt har eg tatt utgangspunkt i etnisk norske menn i forhold med kvinner. Framover ønskjer eg å trekkje inn perspektiv frå skeive par, personar med bakgrunn i andre land, og norske personar med minoritets- og urfolksbakgrunn. Her er det mange fellestrekk, men også ulikskap sidan heterofile menn med norske namn kan seiast å stå for ei slags norm for dei som ikkje høyrer heime i same kategori. På den europeiske konferansen for etnologi og folkloristikk i Tsjekkia i juni i år presenterte eg nokre tidlege resultat basert på materiale frå personar i skeive forhold, eller der kjønnsidentitet var eit tema. På den europeiske konferansen for etnologi og folkloristikk i Tsjekkia ser eg fram til å presentere meir av arbeidet mitt etter diskusjonen på NORNA-symposiet i Uppsala i november.

Takk til Line for å ha stilt opp i dette intervjuet! Her er eit utval av arbeida hennar innanfor personnamngransking:

Grønstad, Line Førre (2023). «Arv og kjærlighet». Om å bytte og å halde på etternamnet for norske menn i heterofile forhold. *Tidsskrift for kulturforskning, 22*(1), 5-21. https://ojs.novus.no/index.php/TFK/article/view/2195/2161

Grønstad, Line Førre. (2022). Kva skal kvinna, barnet og mannen heite? *Historisk tidsskrift*, 101(3), 229–244. https://doi.org/10.18261/ht.101.3.5

Grønstad, Line Førre. (2020). *Fellesskap og individualitet. Kjønna etternamnsval blant norske menn i heterofile parforhold* (Doktoravhandling). Universitetet i Bergen. https://hdl.handle.net/11250/2711989

Wen Ge
ge.wen25@icloud.com

Namnegranskaren Gudlaug Nedrelid – 70 år

Gudlaug Nedrelid. Foto: Universitetet i Agder

Professor emerita i nordisk språkvitskap, Gudlaug Nedrelid, runda 70 år den 25. desember 2022. Ho har ein lang vitskapleg karriere bak seg, men før ho tok til med universitetslivet, hadde ho allsidig arbeidspraksis, m.a. som budeie, kyrkjegardsarbeidar og arkivar. Ho har også skrivi lyrikk og har gitt ut diktsamlinga *I ulvekjeften* (1992). Dessutan har ho omsett ei fornaldersoge, *Soga om Egil Einhendte og Åsmund Berserksbane. Tåtten om Norn-Gjest* (1989). Og i 1993 var ho medredaktør av ein antologi med færøyske noveller, *Fyrste ferda bort.* Gudlaug har i det heile vist stor interesse for færøysk språk og kultur, noko som òg kjem fram i dei faglege arbeida hennar. Ho har også skrivi om sin eigen dialekt, jostedalsmålet. Denne omtalen i *Nytt om namn* vil naturleg nok vera konsentrert om namneforskinga hennar.

Gudlaug tok historisk-filosofisk embetseksamen i 1985 ved Universitetet i Bergen med hovudfag i nordisk. Der var ho stipendiat frå 1989 til 1992, og deretter fyrsteamanuensis – seinare professor – ved Universitetet i Agder. Tittelen på hovudoppgåva hennar frå 1985 var *Ola på Ola, og enda ein Ola. Personnamn i Indre Sogn i folketeljinga av 1801* (242 sider). Her bruker ho namnetilfang frå fem prestegjeld i Indre Sogn: Lærdal, Sogndal, Luster, Hafslo og Jostedal. Naturleg nok ligg hovudvekta på fornamna, for etternamna var mindre interessante i og med at dei fleste personane (over 90 % i materialet hennar) fekk etternamn av patronymtypen. Viss faren t.d. heitte Anders, ville dottera nesten automatisk få patronymet *Andersdotter* (ev. *Andersdatter*).

Gudlaug får i hovudoppgåva si fram mange interessante trekk ved personnamna i Indre Sogn på 1700-talet.

Den vitskaplege produksjonen hennar om namn dreier seg hovudsakleg om personnamn (fornamn og etternamn), men ho har også skrivi om stadnamn og husdyrnamn. Når det gjeld personnamna, har dei fleste andre norske personnamnforskarane konsentrert seg om fornamn, men det spesielle med Gudlaug er at ho også har skrivi mye om etternamn. Her peiker doktoravhandlinga seg ut (1998): *«Ender og daa ein Aslaksen eller Bragestad» – Etternamnsskikken på Sør- og Vestlandet. Studiar i folketeljingsmaterialet frå 1801*. Avhandlinga er delt i to – ein tekstdel (361 sider) og ein materialdel (314 sider). Bak dette verket ligg det ein formidabel arbeidsinnsats, særleg når vi tek omsyn til dei mange metodiske problema som folketeljinga av 1801 reiser.

Etter at doktorgradsavhandlinga var ferdig, har Gudlaug skrivi fleire artiklar som tek opp ulike aspekt ved personnamna i 1801-teljinga, t.d. «Norwegische Familiennamen aus Hofnamnen im Jahre 1801» (1999) og «Patronymika als Familiennamen im Jahre 1801» (2016). I denne samanhengen kan det også nemnast at Gudlaug bruker tysk som sitt internasjonale forskingsspråk i motsetning til dei fleste andre som skriv på engelsk. I namnevitskapen står Tyskland sterkt, og det er derfor prisverdig at forskinga hennar blir lett tilgjengeleg der. Ho har også publisert i land der artiklar om norsk namneforsking sjeldan ser dagens lys, t.d. i Polen (Universitetet i Poznan). Dette gjeld artikkelen «Eingeführte Familiennamen und Namenmoden» (2006).

Gudlaug har også skrivi om etternamn i litterær bruk, nærmare bestemt i Ibsens samtidsdramatikk: «Der Personennamenbestand in Henrik Ibsens Gegenwartsdramen unter namentypologischem und namensoziologischem Gesichtspunkt» (2002). Dette stoffet presenterte ho på den internasjonale namnekongressen i Santiago de Compostela i 1999. Her får ho m.a. fram at Ibsen var ein innsiktsfull namnesosiolog.

I namnevitskapen skil vi mellom to undergrupper av etternamn: patronym og slektsnamn. Dette skiljet var særleg viktig til og med 1800-talet da dei fleste etternamna var av patronymtypen, mens slektsnamna utgjorde ei mindre gruppe. Om slektsnamna har Gudlaug skrivi i fleire artiklar, t.d. «Framvoksteren av norske slektsnamn» (2002). Ho har også skrivi ein artikkel om namn som både kan brukast som fornamn og etternamn, «Vidar Jacob og Laila Aase. Førenamnslike etternamn av ulike slag» (2015). Her har ho m.a. fått

med rariteten Åse Aase, busett i grenda Åse i Eigersund. Åse fekk denne spesielle namnekonstellasjonen da ho flytte til grenda Åse.

I norsk – og nordisk – namneforsking er den nordiske namnerenessansen sentral. Det er prisverdig at Gudlaug – saman med Tom Schmidt – står bak artikkelsamlinga *Person- og stadnamn under den nordiske namnerenessansen* (148 sider). Denne boka, utgitt av Høgskolen i Agder, er resultatet av eit NORNA-symposium arrangert på Dømmesmoen i 2004. Naturleg nok har dei fleste artiklane fornamn som emne, og dette gjeld også bidraget frå Gudlaug med tittelen «Flettfrid, Kjøtulv og meir vanlege nydanningar». Ho har dessutan skrivi ein meir allmenn artikkel om den nordiske namnrenessansen, og han er publisert i Polen i serien *Neophilologica Posnaniensia*: «Nordisk namnerenessanse i norske førenamn» (2017).

Mange nordmenn har to fornamn, og i ein innsiktsfull artikkel «Amibrakkiske dobbeltnamn på 1900-talet» (2015) skriv Gudlaug om dobbeltnamn med eit spesielt rytmemønster, t.d. *Jon Ole.* Ordet «amfibrakkiske» i artikkeltittelen har ho teki frå verselæra der termen *amfibrakk* er brukt om ein versefot som inneheld éi lang staving mellom to korte, t.d. «ver helsa». Ho har i denne artikkelen påvist at dette rytmemønsteret særleg er brukt i mannsnamn, og her trekker ho m.a. inn dobbeltnamn som ho kjenner frå fagmiljøet vårt i Noreg, t.d. *Ernst Håkon, Finn-Erik, Jan Olav, Jan Ragnar, Jan Terje, Kjell Ivar, Odd Einar* og *Tor Erik*.

I to artiklar skriv ho om spesielle konstellasjonar av fornamn og etternamn. Den eine gjeld det som vi kan kalle ein kulturkollisjon mellom amerikansk fornamn og norsk etternamn: «Stanley Kvinlaug og Gladys Hoveland. Amerikanske førenamn og rotnorske etternamn i vestre Vest-Agder» (2008). I den andre artikkelen tek ho for seg namnebruk i Jostedal der ho vaks opp. Artikkelen har tittelen: «Å 'kallast' noko og 'skriva seg for' eitkvart anna. Om uoffisiell namnebruk i Jostedal, indre Sogn» (1998). Døme på dette er den uoffisielle namnebruken i «Kåre på garden», ein namneskikk som framleis lever i mange bygder ved sida av det offisielle namnet «Kåre Nedrelid».

Innafor feltet personnamn har vi også tilnamn, og også her har Gudlaug levert vektige bidrag, særleg med emne frå mellomalderen. Frå *Heimskringla* har ho henta stoff i artikkelen «Kvinnors tilnamn som samfunnsspegel i *Heimskringla*» (2002). Om tilnamn på kvinner i mellomalderen skriv ho også i «Frauenbeinamen als Spiegel der Gesellschaft» (2006). Ho peiker på at det er lite som er forska på tilnamna til kvinner. Ettersom kvinner sjeldan opptrer som hovudpersonar i sagalitteraturen, er tilnamn på kvinner stort sett avgrensa til

rolla deira inne i huset og i familien, t.d. som kone eller mor. Gudlaug har også henta stoff om tilnamn frå *Sverresoga*. Dette gjeld desse to artiklane: «Personar og tilnamn i Sverresoga. Nokre diskutable punkt» (2009) og «Nokre personlege tilnamn i Sverresoga» (2012).

Gudlaug har fyrst og fremst interessert seg for personnamn, men ho har også skrivi om stadnamn. Naturleg nok står ein av artiklane hennar i veneskriftet til ein stadnamnforskar (Botolv Helleland) med denne tittelen: «Durdeirumpa, Hovudbrotet og andre teignamn i Gardsgrendi» (2010). Ho har også skrivi ein artikkel om stadnamn som er resultat av oppkalling, og han har naturleg nok tittelen «Oppkallingsnamn» (2016). Som døme bruker ho m.a. stadnamn frå Jostedal, *Grekenland*, *Jeriko*, *Karistova* og *Jan Mayen*. Her ligg det altså føre oppkalling etter stadnamn som det bibelske Jeriko og ishavsøya Jan Mayen. Som ho peiker på, kan slike oppkallingsnamn ha ein humoristisk snert.

Interessa hennar for husdyrnamn kjem fram i artikkelen «'Fattigmanns kyr' Litt om geitenamn i Jostedal» (1995). Her klassifiserer ho geitene etter m.a. utsjånad, t.d. *Kvitalin*; lynne, t.d. *Spretti*; spesielle hendingar, t.d. *Jularos* (fødd i juli) og oppkalling, t.d. *Heidrun* (oppkalla etter geita i norrøn mytologi).

Det er prisverdig at Gudlaug også har vori oppteken av faghistorie og metodiske spørsmål i namnegranskinga. Den faghistoriske artikkelen hennar heiter «Namnegransking i Noreg – vitskap eller nasjonsbygging?» (1993), og han står i publikasjonen «*Vitskapsteori og lingvistikk. 11 vitenskapsteoretiske innlegg til dr. art. -graden*». Ein artikkel som tek opp eit metodisk spørsmål, heiter «Munnlege kjelder i namnegranskinga» (2017). Denne artikkelen passa godt til det overordna emnet for den nordiske namnekongressen på Jæren i 2016: «Namn som kjelder».

Gudlaug er ein av dei fremste personnamnforskarane i Noreg. Det er særleg hennar forteneste at etternamna har vorti så grundig undersøkt. For ei tid sidan flytte ho frå Kristiansand tilbake til barndomstraktene – til Nedreli i Jostedal. Fagfellar i det norske namnemiljøet gratulerer – post festum – med 70-årsdagen!

Gulbrand Alhaug
gal000@post.uit.no

Namnegranskaren Gulbrand Alhaug – 81 år

Mykje av Gulbrand Alhaugs namnegransking har omfatta store mengder namnedata. Det kan vi sjå som ei vidareføring av arbeidet hans med bruk av datamaskinelle metodar for å systematisere og behandle ord og store språklege datamengder både i hovudfagsstudiet og i tida som vitskapleg assistent på Prosjekt for datamaskinell språkbehandling (PDS) under tidlegare Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen i 1970-åra.

Han tok nordisk hovudfag ved Universitetet i Bergen våren 1971 med hovudoppgåva *En datamaskinell undersøkelse av suffiksvekslingen -ing/-ning i moderne norsk*. Som vitskapleg assistent på Prosjekt for datamaskinell språkbehandling arbeidde han blant anna med etablering av datamaskinell norsk rettskrivingsordliste som kombinerte bokmål og nynorsk, systematisert etter bøyingssystem (bøyingskodar). Denne databasen var meint å føre fram til det som seinare blei *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, og språkteknologisk bruk. Parallelt blei det òg utvikla eit ordboksmateriale i Oslo, som kom til å bli det sentrale grunnlaget for desse bøkene, som to åtskilde prosjekt. Han arbeidde òg med automatisert orddeling på norsk for bruk i datasystem. Alt dette var i 1970-åra då datamaskinelle ordlister og automatisk orddeling var i ein tidleg fase. Meir allmennspråkleg arbeidde han òg med korleis nokre dialekter, bl.a. Stange-dialekta hans, var like eller ulike nynorsk og bokmål.

Same stad, på PDS, kom han òg i kontakt med dataleselege namnelister frå folkeregisteret. Dette arbeidde han vidare med på Universitetet i Tromsø frå seint på 1970-åra. Seinare har han følgd opp med nyare data. Slikt materiale har han nytta både i eiga forsking og som grunnlag for mange masteroppgåver og hovudoppgåver han har rettleidd. Gulbrands arbeid med namnegransking femner vidt med mange kreative vinklingar innanfor både for- og etternamn frå 1700-talet til i dag.

Gulbrand har arbeidd med ganske mange ulke fornamn-tema. Eitt slikt tema er fornamn som er like for begge kjønna der han har gått gjennom eit stort utval namn frå folkeregisteret og forklart kvifor vi har fått slike namn (bl.a. i heidersskriftet til Kåre Elstad og i *NORNA-rapporter* nr. 35). Laging av nye fornamn for begge kjønn i tida 1700- til 1900-talet har han studert frå fleire perspektiv, med litt ulike avgrensingar i tid og geografi. Det omfattar kvinnenamn med *ine*-ending (ICOS 1990), kvinnenamn med *y*-ending inspirert frå norrønt og engelsk (*NORNA-rapporter* nr. 45), og namneledd-danning i Nord-Noreg, som vil seia nylaging ved å kombinere kjende

namneledd på nye måtar (bl.a. i *SAS* 1985 og *Nordlyd* nr. 11). I ei samanlikning av namnebruk i Nord-Noreg og indre Austlandet frå seint på 1800-talet til 1974 tok han opp oppkalling med nylaga namn med to namneledd bruka i andre namn, ulike typar endingar for begge kjønn, og dessutan bruk av etternamn som fornamn.

Desse tre trekka viste seg å ha vore mykje meir brukt i det nordlege enn i det sørlege området, og størst forskjell for etternamn som fornamn (*NORNA-rapporter* nr. 29). I det same materialet fann han lite av namn som beskreiv omtale rundt fødslar, bl.a. på havet, til forskjell frå eldre omtaler av andre. Seinare undersøkte han grundigare slike fødslar i 1900-folketeljinga, der han fann 11 namn frå havfødslar med innhald som viste til havet, slik som *Atlanta*. I motsetnad til det fann han 43 barn fødde på sjøen med namn som ikkje uttrykte slik fødsel (*Eyvindarbók*).

Doble eller fleire fornamn har han undersøkt frå fleire vinklar. Blant anna har han undersøkt bruk av tre førenamn for same personar etter at dei kom i bruk på 1700-talet (*Namn og nemne* nr. 20/21), og kva for eitt eller fleire av doble fornamn som har vore brukt av og om berarane på 1900-talet (*SAS* nr. 17). Ei svært nyansert drøfting av terminologi rundt doble og fleire fornamn i ulike former, som samanskriving, bindestrek, mellomrom og trykk publiserte han i 2002 (*Nordiskt og ryskt i namnforskningen 2*). Lokal bruk av doble fornamn i Nord-Noreg har han bl.a. fått publisert hos nrk.no. Bruk av initial i staden for fulle fornamn har han studert med grunnlag i 1865- og 1900-folketeljingane. Slik bruk fanst først og fremst i byane og blant folk med høgare status, som handelsfolk, handverkarar, prestar og lærarar. Det var svært lite slik bruk blant vanlege arbeidarar (tenestefolk) og bønder (ICOS 1996).

Tidleg arbeidde han òg med lemmatisering av namn. Det vil seia korleis ein kan få slått saman ulike variantar av namn med lik eller ganske lik uttale, og då korleis vi kan bestemme kva som er same namn og ikkje same namn (SAS 1992). Slik samanslåing har praktisk betydning når ein skal studere namnebruk i folket. Jo lettare det er å få slått saman ulike variantar, jo lettare kan det vera å sjå trendar. Gode eksempel på korleis slik variasjon kan sjå ut, viser han seinare for *Schmidt*, *Gjertrud* og *Charlotte* (*Veneskrift til Tom Schmidt*).

Lydlege tilhøve tok han òg opp i ein artikkel om innskot at *d* og *t* i fornamn, som bl.a. i *Eindride* (av *Ein-riði*), *Hendrik* (*Henrik*, *Heinrich*), *Gundro* (*gun-(f)røðr*) og *Astrid* (*ás-(f)riðr*). Han brukte fonologiske

forklaringar og norsk dokumentasjon frå mellomalderen for å vise korleis dette kan ha skjedd i Noreg i mellomalderen, og at *d*-en i *Hendrik* kan ha blitt til i Noreg uavhengig av lik utvikling i nederlandsk, og at *d*-en i *Gundro* har kome inn i tale før slik *nd*-skrivemåtar kom inn i namn og ord elles frå dansk (*Endre-boka. Postfestumskrift til Endre Mørck*).

Systematisering av namnebruk kom på brei front til uttrykk i hans omfattande undersøking om norske fornamntrendar i tida 1900-1975. Han delte inn i få lange periodar og kunne på den måten få eit overordna overblikk over dei store trendane (*Fornamn i Noreg frå 1900 til 1975. Med vekt på endringar i namnemønsteret*).

Av etternamn-tema har Gulbrand blant anna undersøkt innføringa av etternamn i Stange, Ringsaker og Hamar. Der hadde folk rundt år 1900 gardsnamn som etternamn i byen, men *sen*-namn på landet, vel mest fordi det var i byen folk hadde fast etternamn, og fordi folk på landet blei førte inn med ekte patronym. På landsbygda var det vanlegast med gardsnamn som etternamn blant døtrer frå gardeigarar, men vanlegast med dotter-patronym (-datter) blant tenestefolk (*Namn og Nemne* nr. 34). Saman med tidlegare hovudfagsstudent i Tromsø Agnete Egilsdatter Kristoffersen undersøkte han bruken av ekte patronym og metronym for fødde i tida 1990–1996, då som mellomnamn. Dei fann bl.a. at det var klart vanlegare med patronym enn metronym, altså mest etter faren sitt fornamn (*Namn og Nemne* nr. 16, 1999).

Gulbrand har hatt mykje utanlandskontakt. Det har ført til samarbeid på finsk side om finsk namnebruk i Noreg (bl.a. i artiklar saman med Minna Saarelma i NORNA-rapporter nr. 84 og nr. 85, og i boka *Namn i det fleirspråklege Noreg*). For Bulgaria har han deltatt i eit prosjekt om korleis dei muslimske pomakane i det landet har skifta namn mellom namn på eige språk og bulgarske namn fleire gonger, som vil seia vekk frå eige språk med tvang. Blant anna har dette ført til at folk skifta mellom namn med nokre formelle likskapar (dels like bokstavsekvensar), og i nokre tilfelle heller tydingslikskap (artikkel i *Heidersskrift til Nils Hallan* og i boka *Names, ethnicity, and politics. Islamic names in Bulgaria 1912-1992*, saman med Yulian Konstantinov). Ei samanlikning av fornamnbruk i Noreg og Sverige gjennom 1900-talet viser klart meir bruk av nordiske namn i Noreg og klart meir bruk av bibelske og klassiske namn i Sverige. Dette forklarer han med meir nasjonalistisk haldning i Noreg og meir bruk av namnekalendrar i Sverige (ICOS 2002). Engasjement for namnelaging har Gulbrand òg omsett til personnamnjuss. I ein artikkel frå 1994 kritiserte han Justisdepartementet

for å ikkje godta namn laga etter kjende prinsipp, frå 1800-talet og fram til notida. Det galdt namn som var like etternamn og namn som var nye og framande. Slike er *Rudvin*, som var likt eit etternamn, og *Bergunn* og *Nilmar*, som berre fanst som fornamn. Han peikte òg på den uheldige motsetnaden mellom å godta namn med dekorativ staving med lite brukte bokstavar, som *z* og *x*, og avvising av namneformer som følgde norsk uttale, som *Marry*. For det siste peikte han på at norsk normering av innlånte ord ofte blei tilpassa norsk rettskriving (*Nytt om namn* nr. 20).

Gulbrand ha òg engasjert seg i praktiseringa av namnelova som tok til gjelde frå 2003. Han var blant fleire i det namnefaglege miljøet som meinte lova slik ho blei innført, var for liberal i val av namn. Blant anna tok han opp fornamnet *Tog*, mellomnamnet *Gudergod* og etternamnet *Hværsaagod*. Han foreslo at namn skulle avgrensast til bestemt semantiske felt, bl.a. ikkje 'transportmiddel' og kritiserte elles bruken av setningar og imperativ-uttrykk som namn, og dekorative stavemåtar, for eksempel bruk av *x* og stum *h*. Vidare stilte han seg kritisk til «nyliberalisme og vekslande individualisme» og at folk kunne få «brande seg sjølv», «dvs. marknadsføre seg sjølv» (*SAS* nr. 21, *Nytt om namn* nr. 39). Mykje av Gulbrands forskingsarbeid førte òg fram til det store fornamnleksikonet *10 001 navn. Norsk fornavnleksikon*, som kom ut i 2011. Det omfatta fornamn brukt i Noreg i tida 1900–2007. Dette leksikonet skil seg ut frå *Norsk personnamnleksikon* (NPL) med at Gulbrand la vekt på å dekkje 1900-talet godt, medan NPL dekkjer eldre tider betre og har mindre utval på 1900-talet. Gulbrands leksikon skil seg ut frå andre namneleksika med at han bl.a. har med statistikkar der bruk i alle posisjonar (1., 2. osv.) er slått saman, til forskjell frå berre første fornamn elles. Det er òg opplysningar om korleis namn fordeler seg i bruk mellom første fornamn og fleire fornamn, slik at vi kan sjå at nokre namn er sterke andrenamn, slik som *Marie*. Med bakgrunn i arbeidet med namneleksikonet har han òg skrive over 5000 korte namneartiklar for *Store norske leksikon* (snl.no), slik at frukter av Gulbrands arbeid får vid spreiing.

Ivar Utne
ivar.utne@uib.no

ARTIKLAR

Bergens bynavn

De første tiåra av 1900-tallet skjedde det mye med navn i Norge, ikke minst bynavn. Kristiania ble til Oslo (igjen) (fra 1925) og Trondhjem til Nidaros og så til Trondheim, etter en hard og bitter strid. Dessuten ble Fredrikshald til Halden og Fredriksvern til Stavern. Dette var ei fornorskningstid, som også gjorde at vi fikk fylker og bispedømmer (1919) der vi før hadde hatt amt og stift, med til dels nye (nygamle) navn – vi fikk jo da bispedømmenavn som Bjørgvin og Nidaros og Tunsberg, så å si lånt fra norrønt. Så bynavn var i spill, men hva så med Bergen? Byen slapp nok unna navneskifte, men flere tok til orde for at også Bergen skulle skifte navn, til Bjørgvin, altså til det som svarte til den norrøne navnet, Bjǫrgvin, slik mange så det. Og det var spesielt framtredende nynorskfolk som argumenterte for et navneskifte.

Men om en argumenterer ut fra historiske former, blir det også interessant å vite mer om bynavnets historie. Det førte til at Bergens historiske forening i sin tid bestemte at dette skulle utredes, og Mikjel Sørlie (MS), som da var lektor i Bergen, ble satt til å undersøke dette, med professor Didrik Arup Seip som faglig tilsynsmann.

Sørlie ble frikjøpt ett år fra stillinga si ved Tanks skole for å granske bynavnet. Han ble ferdig med arbeidet sitt i 1931, og i 1932 disputerte han på avhandlinga og ble deretter dr.philos. (Sørlie 1931). Seinere ble han professor ved Universitetet i Bergen.

Først litt om innholdet i avhandlinga. Vi er vant til å si at Bjǫrgvin er det vanlige norrøne navnet, som svarer til moderne islandsk Björgvin – og videreført i navnet på bispedømmet: Bjørgvin. Og det betyr som kjent 'bergenga' (enga/sletta mellom fjella). Dette går da tilbake til urnordisk *Berga-winjo, og det skal det ikke være uenighet om i og for seg. Denne navneforma utvikler seg først til Bergvin og Bjargvin. Noe seinere, men før år 1100, får vi også Bjorgvin, trolig pga. v-omlyd. I islandsk fikk en også forma Bjorgyn. Og i islandske tekster finner en helst former med Bjorg-, seinere også Bjørg-.

Men hva var så den bergenske navneforma i eldre tid? Og her hevder så MS at den dominerende navneforma allerede i norrøn tid i talespråket i Bergen har vært Bergvin, altså ikke Bjǫrg-, og som så har utvikla seg til Bergven, Bergen, men etter hvert også med varianter som Berwen, Beren,

Bern o.a. En viktig kilde for det, som han støtter seg til, er hvordan navnet er skrevet i utenlandske kilder, bl.a. engelske tollregnskaper m.m. fra 1300 og framover, for der er det oftest Bergen eller Berwen som er nevnt. Forma Bjorgvin dominerer nok i norrøn skrift, men ifølge MS skyldes det især at islendingene hadde mest kontakt med Nordvestlandet, der forma Bjorgvin ble brukt. Flere andre har ment at Bergen er en tysk form, men MS mente altså at den har sitt utspring i talemålet i Bergen. Og at former som Beren og likeså den folkelige uttalen Bern kan være bakgrunnen for at navnet har fått uttale med tonem 1, og ikke tonem 2, som de fleste vin-navn ellers har.

Det var stor interesse for boka, som ble utgitt 08.04.1931. MS hadde sjøl et resyme av innholdet i boka, som ble tatt inn i minst ni aviser samme dag eller dagen etter.[3] [4] Og flere andre aviser hadde omtale av boka de samme to dagene.[5] Også seinere på året var det noen omtaler.

Og året etter, i desember 1932, disputerte han på avhandlinga ved Universitetet i Oslo. Ordinære opponenter var professorene Didrik Arup Seip og Alf Sommerfelt.

Også etter disputasen var det mange avisomtaler, med referat og hva de sa både de ordinære opponentene (Seip og Sommerfelt) og opponentene ex auditorio, herunder Jakob Naadland, som ifølge Vestopland Arbeiderblad «slo i bordet så det klasket».

At så mange aviser skreiv om denne boka og om disputasen, kan virke underlig ut fra dagens perspektiv. Det viser vel at akademisk stoff, også innafor humanistiske fag, var mer interessant for redaksjonene i avisene enn det er i dag. Men i tillegg kommer nok at innholdet ble ansett for å være kontroversielt. Men hvordan kunne det være det – ei avhandling om opphavet til et stedsnavn?

En må jo da huske på at vi er i en periode da det var og hadde vært strid om mange stedsnavn, og at flere viktige navn hadde blitt endra, som vi nevnte tidligere. Så bynavn var i spill, og når enkelte tok til orde for at også Bergen skulle skifte navn, til Bjørgvin, ble det interessant for mange også utenfor navnegranskernes kretser hva som er det historisk korrekte, hvilken navneform som har historia på sin side.

---

[3] Bergens Tidende, Bergens Arbeiderblad, Bergens Aftenavis, Gula Tidend, Dagen, Nationen, Morgenbladet, Oslo Aftenavis, Arbeidet (Bergen). (Og kanskje flere.)

[4] Mikjel Sørlie var min morbror, og derfor har jeg liggende en rekke avisutklipp fra denne navnestriden.

[5] Dagbladet, Arbeiderbladet, Tidens Tegn, Den 17de Mai. (Og kanskje flere.)

Og det MS hevda, brøt altså med det som hadde vært vanlig å mene før. Og konklusjonene fikk da også noe varierende omtale i avisene. Dagbladet hadde som overskrift «Bergen er en norsk navneform», Morgenbladet «Bergen er byens historisk rette navn», og det indikerer at de også ser det som ledd i diskusjonen om hva byen skal hete i dag. Men nynorskfolk var gjerne mer tvilende til konklusjonen.

Den mest kvalifiserte kritikken av avhandlinga finner en vel hos professor Gustav Indrebø, som meldte boka i tre nummer av Gula Tidend i mai 1931. Han gir også noe ros, men har flere kritiske merknader.

MS sier at Bjorgvin spesielt er ei nordvestlandsk form, mens Indrebø mener at det nok også var sørvestlandsk. Og mens MS antyder at Bergvin i en tidlig fase har vært brukt i byen, mener Indrebø at byen trolig helst har fulgt bygdene rundt og ble kalt Bjorgvin.[6]

Indrebø er også uenig i den vekt MS tillegger utenlandske kilder. MS har funnet bare ett tilfelle med brytningsdiftong i utlandet (Bjargina), ellers bare former med e. Indrebø mener at iallfall i tyske og engelske kilder kan *e*-en her komme av at substantivet *berg* ble skrevet med *e* i tysk og engelsk og ikke behøver si noe om uttalen i byen sjøl. Indrebø mener også at uttalen med tonem 1 er et argument for at forma Bergen er påvirka av nedertysk, altså hanseatene.

En mindre kritikk kom Seip med under disputasen. MS skriver at folkeforma Bern var utvikla av Beren. Seip mente snarere det omvendte, Bern har oppstått fra oblike kasus, iflg. Seip, og Beren av Bern igjen med innskuddsvokal. Det gir også god forklaring på uttalen med tonem 1 (Seip 1933).

I et tilsvar til Indrebø (i Gula Tidend) sier MS at han har nevnt at forma Bjorgvin også var sørvestlandsk, men at han her støtter seg til Marius Hægstad, som hevder at denne forma først og fremst ble brukt på Nordvestlandet. Men i skrift var den også mye brukt i Bergen, kanskje pga. samband mellom klostrene Selje (i Nordfjord) og Munkeliv (i Bergen). Muntlig har derimot brytningsforma Bjorgvin blitt tidlig trengt tilbake i bymålet til fordel for Bergvin, iflg. MS, på samme måte som flere andre former uten u-omlyd i bymålet. Og i diskusjonen om tonem nevner MS også at Sommerfelt under disputasen hadde sagt at hans forklaring var den rette. (Jf. Sørlie 1933.)

---

[6] I en blyantkommentar på avisutklippet avviser MS det og noterer at også Bergvin var brukt i bygdene på Vestlandet.

Ellers var nok diskusjonen til tider både krass og stundom usaklig. For det ble antyda av visse motstandere, bl.a. Indrebø, at formannskapet i Bergen hadde fått det svaret det ønska, i og med at MS fikk et års lønna permisjon (fra skolen) for å skrive avhandlinga. Det gjaldt også en omtale av Per Thorson (i Den 17de Mai 3.9.), som var Sørlies kollega på Tanks skole og ble hans etterfølger i professoratet ved UiB. Thorson hevder at det ligger målpolitiske omsyn bak beslutninga om å lage ei utgreiing av navnet, bl.a. også i det at professor Didrik Arup Seip skulle føre tilsyn med arbeidet, Seip som var «idugaste 'bibeholds'-mannen i namnespørsmål», og dermed trekker også Thorson inn den aktuelle navnediskusjonen i debatten. - Thorson hadde også i andre sammenhenger flere stikk til Seip, bl.a. fordi, som han sa, han ble professor i det som ble kalt et riksmålsprofessorat, sjøl om han begynte som landsmålsmann. Det virker som at tonen var krassere i polemikken enn det som ville vært akseptert i dag.

Men den største motstandsmannen i saka om bynavnet her var vel likevel Jakob Naadland, som året etter kom med ei heil bok med kritikk av det MS hevda (Naadland 1932).

Slik var altså debatten for snart hundre år siden. Men byen heter altså fortsatt Bergen.

Litteratur

Sørlie, Mikjel 1931: *Bergens bynavn. En språkhistorisk undersøkelse*. I: Bergens historiske forening. *Skrifter 37* (1931): 7-221.

Sørlie, Mikjel 1933: *Tillegg og rettelser til "Bergens bynavn".* I: Bergens historiske forening. *Skrifter 39* (1933): 167-186.

Naadland, Jakob 1932: *Bergen-Bjørgvin. Ei kritisk saumfaring av Mikjel Sørlie's bok "Bergens bynavn".* Bjørgvin. 184 s.

Seip, Didrik Arup 1933: *Bergens bynavn*. I: Bergens historiske forening. *Skrifter 39* (1933): 123-155.

Svein Lie
svein.lie@iln.uio.no

Fleskeryggen, Frøskeland og Bitterstad

Overskrifta minner nok mest om ei tvilsam gastronomisk blanding av hummar

og kanari, med beisk ettersmak, men kan kanskje fungere som blikkfang. Så var tanken, for desse særs ulike namna inneheld ein samfaktor som kan vere ettertanke verd.

Fleskan heiter nokre skjer utanfor Nyksund i Øksnes: Fleskeleia var ikkje å spøke med pga. attkipp, brimhest og opprota sjø, men det er uklart kva som ligg i namneleddet *Flesk*-, då *flasken* 'flatsida av eitkvart' ikkje harmonerer med bergformasjonane i området.

Det er fort gjort å søke i Norgeskart etter namn på *Fleske*-, som *Fleskehella*, *Fleskeryggen*, *Fleskeneset* og *Fleskeskjeret*. Det kjem då opp ei temmeleg lang liste der nordnorske innslag ikkje dominerer. Det usamansette *Fleskan* er rett nok unikt for Vesterålen, men kva med *Fløsken* i Hvaler? Namn frå norsk innland med same forledd kan òg fortene ettertanke.

Ei enkel forklaring kan vere at då folk i nyare tid, i første rekke under påverknad frå skriftspråket, tok til å «modernisere» uttalen sin frå *dajen*, *majen*, *fesjen* og *tosjen* til *dagen*, *magen*, *fesken* og *tosken*, så slo det òg over på ord og namn som ikkje skulle ha vore med. For Vesterålen kan dette vere mest typisk for siste halvdel av 1800-talet. Endringar i talemålet er eitt trekk, noko anna er velmeint «retting» i folks uttale av gardsnamn i skriftlege aktstykke, noko som utan tvil har funnest lenge før den tid.

I klartekst vil dette seie at i namnekategorien *Flesk*(*e*)-, *Fleska*- er det tale om eit *k*-innskot i *fles* 'skjer', især i dei gamle genitivsformene *Flesjar*-, *Flesja*-, endå ein skulle tru at velkjente eintalsformer som *Flesi*, *Flese*, *Flesa* skulle sikre rett forståing av samanhengen formene imellom.

Så nok om fleskeryggar og meir i den sjøen og over til dyret *frosk*: Eidsfjorden i Vesterålen med sine vel hundre matrikkelgardar var aldri eigen kommune, men vart likevel vidgjeten for sildefisket på siste del av 1800-talet, og økonomisk basis for det nye Vesteraalens Dampskibsselskab. Inst i fjordbotnen ligg grenda Frøskeland, før gnr. 90 i Hadsel kommune, etter 1964 gnr. 39 i Sortland. Namnet skrivst Froskeland 1567 og Frøskeland 1614, men formene med *o* dominerer. Oluf Rygh ordlegg seg resignert om korleis namnet er å forstå:

> «Jeg kjender intet andet Navn, som kunde antages at indeholde samme Stamme som dette Navns 1ste Led. Hvis ikke dette allerede i den ældste kjendte Skriftform har undergaaet nogen væsentlig Forandring, synes der ikke at være noget andet Ord, hvoraf det kan afledes, end *froskr* n., Frosk» (NG 16: 367).

Frosk har det vore nok av, iallfall i nabobygda Bø, men moderne jordbruk med drenering og tilgroing av gamle torvdammar har gitt dyret ringare levekår. På Andøya sågst aldri frosken, det nokon veit. Fanst då dyret i slike mengder inst i Eidsfjorden at det var eit 'frøskeland' framfor alle andre stader langs fjorden? Tvilsamt nok, endå det utan tvil er rett at overgangen frå tradisjonelt til moderne jordbruk har fått negative konsekvensar for dyre- og fuglelivet.

Eit heilt anna og tilsynelatande irrelevant spørsmål er om utstyret i moderne bilar kan tilføre stadnamngranskinga noko nytt? Etter at bilar flest fekk ekstern temperaturmålar, la folk merke til at når dei på tur frå Sortland utover til Bø og Øksnes passerte fjordbotnen, fall temperaturen 8-10 grader på dei opne myrane tett nordaust for Frøskeland, og omvendt hin vegen. Vel er slike lokale kuldehol ikkje einestående, men Frøskeland er nok aller best kjent i så måte.

Den tanke ligg nær at førsteleddet i *Frøskeland* er det same som i elvenamnet *Frysja* (no Akerselva), av Sophus Bugge tolka som 'den kalde'. Ei slik forståing av namnet vil truleg lokalkjende folk finne diskutabel, men verd å drøfte. Ei sak for seg er at eit heilt anna ord, *ufrøsje*, jf. gno. *úfreski* 'det å sjå syner' er særs kjent i Vesterålen (sagt om eitkvart stygt i sjøen eller om personar som ter seg avskyeleg), den dag i dag nytta i forma *ufrøsje*, ikkje *ufrøske*. Merkeleg nok er ikkje «hard» *k* blitt restituert i uttalen av dét ordet, men det kjem vel av at *k*-en er ukjent i skriftspråket og derfor ikkje har kunna utøve normerande påverknad på talemålet.

Til sist til det forunderlege gardsnamnet *Bitterstad bet`teṣṭa* gnr. 79 i Hadsel: Rygh tenker seg eit elvenamn **Bitra* for di det finst eit par bekkar der. Det er ei tilnærming som fungerer skralt i Vesterålen, endå Bitterstadelva kan kallast stor nok etter lokale mål. Fokuseringa på vassfar er likevel ikkje irrelevant i Bitterstad sitt tilfelle, som vi vil sjå av gamle skriveformer. Eg supplerer her dei få skriveformene i NG med eigne notat (i kursiv) frå leiglendings- og leidangslister:

Botilstad 1567 (!), *Bechestad* og Bethestad 1610, *Bettestadt* 1611, *Bechestad*, Beckestad og *Bertestad* (?) 1614, *Bachestad* (!) 1615, *Betestad* og *Bettestad* 1616, Bitterstad 1661, 1723.

Samanlagt gir det rimeleg grunn til å konkludere med at uttalen på 1600-talet var ganske lik den tradisjonelle som er ført opp i NG, og at forleddet i namnet

beintfram var genitiv *bekkjar*-, tidleg nedslite til *bekke ?> bette > bette*. Den siste uttalen har blitt så innarbeidd at skriveforma Bechestad alias Beckestad på tidleg 1600-tal ikkje formådde å slå igjennom. Delvis kom vel det av at genitivsforma *bekkjer*- < *bekkjar*- forsvann frå det grammatiske inventaret lenge før 1600-talet. Men kvifor vart -*kkj*- her til -*tt*- > -*tt*- i staden for å gå over til -*kk*- slik som i dei to første namna? Her kan det nemnast at i konfirmantlista år 1874 for Hadsel er garden kalla både *Bitterstad*- og *Betterstad*,. Former med -*kk*- (-*ck*, -*ch*-) er derimot ingen staden å finne etter 1615.

Eg har så langt med overlegg late vere å nemne den aller eldste skriveforma 'af Bitrexstadom (*Aslak Bolts jordebok* s. 99), men vil no sitere Rygh:

«Bitreksstaðir er udentvivl ikke en oprindelig Form, men k maa her ved en meget almindelig Lydforandring være indskudt foran *s* med efterfølgende Konsonant. Dette synes navnlig at være Tilfælde med mange med -*staðir* sms. Gaardnavne, hvorved endel saadanne urigtig har faaet Udseende af at være dannede af Personnavne».

Ryghs merknad om innskot av *s* i visse høve står stødig nok, vil eg tru, men i *Bitterstad* sitt tilfelle kjem eit forstyrrande moment inn. *Tægan* (offisielt *Teigen*, med gnr. 10 før samanslåinga med Bitterstad) når frå hovudvegen og opp åt Gurafjellet og ligg på vestsida av Bitterstadelva. Tægan var krongods; lendinga Tægasjøen -*sȳen* heitte òg *Bitterstadfjæra*. Dette har den nokså uventa konsekvens at Bitrexstad lar seg tolke som **Bekkjerteigstad* i ei moderat uttaleredusert form, berre prøv å uttale begge variantane kjapt, slik dei ville lyde i heil setning.

Dersom den historiske samanhengen namneformene imellom er som skissert, kan det nok vere *t* i midtleddet -*teig*- som skipla den ordinære overgangen frå -*kkj*- til -*kk*- som elles ville ha kome. Det medfører at namneutviklinga fram til dagens form *Bitterstad* er eit særtilfelle, mens namneformene *Frøskeland* og *Fleskan* m.fl. står som sikre utslag av ein lite påakta historisk 'trend'. Utenkeleg er det ikkje at ein kan finne fleire døme på det same. Rygh var merksam på fenomenet, det ser vi av ein kort merknad knytt til gnr. 85 Dysjeland i Indre Holmedal, no gnr. 185 i Sunnfjord k.: «Alm. skr. *Døskeland*». Dette svekker på ingen måte Frøskeland-teorien framfor, tvert imot.

Finn Myrvang

fmyrvang@gmail.com

Da Ceakkoaivi ble til Seahkoaivi og Luohttojávri til Baikajávri

Minner er viktige, men hvem er minnene viktige for? Mine egne minner er noe som bare jeg eier så godt som alene. Men hvis det er felles minner fra et visst område, da er det vel viktig å føre disse minnene videre til neste generasjon? Stedsnavn er immaterielle kulturminner som forteller oss om f.eks. topografiske forhold og om hvor og hvordan våre forfedre har arbeidet og funnet livsopphold. Stedsnavn er heldigvis beskyttet av stedsnavnloven.

En sauebonde sa engang til meg at det nytter ikke lenger å spørre fjellvandrere om de har sett sauer, og hvis ja, hvor på fjellet, for han forstår ikke likevel hvor de har sett disse sauene hvis det er slik at de har sett noen. Han kjenner ikke til de nye navnene, Appelsingropene, Kakaohaugene, Støvelvatnene og slettes ikke hvor disse stedene er. Det er ikke uvanlig at navn endres over tid. Jeg er selv oppvokst i ei bygd hvor det samiske navnet i dag bare er rundt 150 år gammelt. Bygda ved navn *Stuorjohka* ble til *Lánttedievvá* etter at myndighetene brukte bakkene i bygda Stuorjohka til møteplass for markbygdfolket da man massevaksinerte mot sykdommen kopper. På norsk sa de «plantevaksine»[7], og lokalbefolkningen begynte dermed å kalle bygda *Stuorjohka* for «*Plantardievvá*». *Stuorjohka* forsvant etter hvert helt som fellesnavn for bygda. I dag er *Stuorjohka* bare bruksnavn og elvenavn. Jeg kan ikke huske å ha hørt noen kalle bygda vår *Stuorjohka*. Sannsynligvis er det navnet gått ut av muntlig bruk for minst hundre år siden. Fra jeg kan begynne å huske, har *Lánttedievvá* og varianter av dette som *Planterdievvá* og *Lántdievvá* vært bygdenavnet.

Slike særlige hendinger kan føre til stedsnavnendring midlertidig eller for alltid, som parallellnavn eller som enenavn. I Salangen, ved bygda Sáljjavađđa/ Seljeskogen, er det en høyde som heter *Stuorradievvá* 'Storhaugen'. Ved oppstarten av gruvedrift på Stuorradievvá på begynnelsen av 1900-tallet fikk fjellet nytt navn, Ruvkevárri. Men det tradisjonelle navnet blei ikke gløm t, kanskje fordi gruva blei nedlagt allerede i 1912. Likevel ble *Ruvkevárri* av en eller annen grunn det eneste samiske navnet på kartene. I forbindelse med stedsnavnarbeid i Salangen har informanter bedt om å få *Stuorradievvá* tilbake på kartet. Det midlertidige navnet *Ruvkevárri* har etter hvert gått ut av bruk i lokalmiljøet. Derfor finner man nå *Stuorravárri* på kartet, og *Ruvkevárri* er blitt

[7] Trygve Lysaker: *Gårdshistorie for Skånland herred*. Trondenes bygdeboknemnd. 1978.

et undernavn. Dette er navneendringer med historiske hendelser som forklaring, og de er dermed også lett å forstå og akseptere. Men det finnes andre endringer som skjuler informasjonen i navnet. Slike navn blir vanskelige å akseptere.

Vi vet at flere samiske stedsnavn har fått en norsk variant opp gjennom tidene. Noen er blitt radbrekte til det ugjenkjennelige, og noen har fått annet meiningsinnhold. I Salangen finner vi *Ceakkoaivi*. Lokalbefolkningen forklarer at bestemmingsleddet i dette navnet er *ceakko* 'bratt' og tilhører samme navnegruppe som *Ceakkoboatka*, der bestemmingsleddet kommer fra Ceakkoaivi. Det norske navnet er som vi kan vente, *Sekkhaugen*. Fra 1886 innskjerpet NGO skrivereglene for stedsnavn på kart, noe de allerede hadde begynt med på 1870-tallet i nasjonsbyggingsøyemed. I henhold til de nye reglene skal man, der det ikke finnes stedsnavn på norsk, 1) oversette stedsnavnene fullt ut til norsk. Det samiske navnet kan settes inn i parentes under; 2) oversette appellativene og bruke lydlån på bestemmingsleddet; 3) bruke lydlån på hele navnet. Disse prinsippene er fullt ut praktisert i NGOs gradteigskart fra og med 1890-tallet.[8]

Det norske navnet *Sekkhaugen* tilhører prinsipp 2, nemlig oversette appellativene og bruke lydlån på bestemmingsleddet. Appellativet er oversatt med *oaivi* 'haug', og bestemmingsleddet med *ceakk* 'sekk'. Det samiske navnet *Ceakkoaivi* forsvant fra kartet. Lenge var kun det norske navnet *Sekkhaugen* på kartet. På 70-tallet ble det bedre klima for bruk av samiske navn på kart. Dermed dukket det nye samiske navnet *Seahkkaoaivi* opp i 1981. Hele navnet ser ut til å ha blitt oversatt fra det norske hybridnavnet. Appellativet *haug* er greit nok oversatt til samisk. Bestemmingsleddet som ble lydlånt fra samisk til norsk som *sekk*, blir nå til sekk på samisk også, *seahkka*. Jeg kjenner ikke til hvem som har vært informanter for det nye samiske navnet, men det er ikke de lokale markasamene i Salangen. Fra dem kom anmodningen om å få det tradisjonelle navnet på kartet, for fortsatt finnes folk som bruker det riktige navnet.

I Salangens nabokommune, Lavangen, finner man lignende navneforvirring. I *Luohttovággi*/ *Lortvannskaret* ligger et vatn, *Luohttojávri*/ *Lotvatnet*. Derfra renner *Luohttojohka*/ *Lotelva* gjennom *Boksavuopmi*/ *Stormyrbotn* og inn i *Ruŋgojohka*/ *Spansdalselva*. Gjennom *Boksavuopmi*/

---

[8] Knut Bergsland: Samiske stedsnavn på offisielle karter. I: H. R. Mathisen (Red.), *Sámi kulturmuittut: báikenammačoaggima giehtagirji* / *Samiske kulturminner*: *håndbok i stedsnavnregistrering* (s. 18–21). Tromsø: Keviselie. 1991.

Stormyrbotn, *Luhttovákki*/ *Lortvannskaret* og over *Luhttočahca*/ *Lortskaret* gikk man med hest og lett vogn på sommerstid fra *Gieddenjunn*/ *Lapphaugen* i Lavangen til *Skáidi*/ *Kvernmo* i Gratangen[9]. Dette er et kulturlandskap der man også finner hellige steder. De norske navnene med *luohttu* er blitt laget etter samme metode som *Sekkhaugen*, appellativene er oversatt til norsk og bestemmelsesleddet er dannet ved lydlån. Dermed har de norske navnene blitt *Lotvatnet*, *Lotelva*, *Lortvannskaret* og *Lortskaret*. En lavangsværing, Jentoft Teigland, skriver i 2014 at de tradisjonelle *luohtto*-navnene ikke lenger vises på kartet. Kartet har i stedet fått nye navn på samisk oversatt fra de norske hybridnavnene. Her er det lydlånte *lot-*/ *lort* oversatt til 'drit', og navnene *Baikajohka* og *Baikajávri* kom på kartet. I tillegg har *Høgtind*/ *Unna Suobdigaš* blitt til *Baikačohkka*. Teigland synes det er trist med de nye navnene, for ordet *luohttu* er ikke på noen måte er knyttet til drit, møkk eller skitt[10]. Qvigstad skriver at luohttu betyr et dypt hull som vann har gravd ut i bakken[11]. Ordet luohttu finnes også i Qvigstads ordbok, og der forklarer han som en tilleggsopplysning at husdyr kan falle i de dype gropene og dø.[12] I hundre år har fornorskningen og nedvurderingen av den lokale dialekten fjernet det viktige budskapet i stedsnavnene om at det er et gropete terreng i denne dalen. Men det er flere slike navn i nærheten.

Vis a vis *Luhttovággi*/ *Lortvannskaret* ligger *Smilčečohkka*/ *Melkefjellet*. La deg ikke lure til å tro at det har vært gamle melkeplasser på dette fjellet. Det tradisjonelle navnet er *Smilčečohkka* eller *Smilčevárri*. Det norske navnet *Melkefjellet* er framkommet etter samme system som *Sekkhaugen* og *Lotvatnet*. Appellativet er oversatt, og bestemmelsesleddet er justert etter lyd. På den måten ble *smilče* til *melke* i det norske navnet. *Smilči* betyr 'stigning'. I stedsnavn forklarer Qvigstad at *smilči* betyr at stigningen blir brattere og brattere og også mer ubørt.[13] Også Collinder beskriver *smilči* som et bratt og ujevnt terreng.[14] Denne terrenginformasjonen forsvant da *Melkefjellet* ble det eneste navnet på kartet. På slutten av syttitallet økte forståelsen for det samiske i det norske storsamfunnet. Etter hvert dukket også flere samiske stedsnavn opp. Fra det norske hybridnavnet *Melkefjellet* fødtes et nytt samisk stedsnavn,

---

[9] E. Fredriksen: *Lauvangr. Lavangens beskrivelse*. Harstad 1931.
[10] Jentoft Teigland på https://digitaltmuseum.no/011085441617/forvrengning-av-samiske-navn-lavangen.
[11] Just Qvigstad: *De lappiske appellative stedsnavn*. Oslo o.fl. 1944.
[12] Just Qvigstads lappiske ordbok fra Ibestad, Lenvik og Ofoten. Bearbeidet versjon 2004.
[13] Just Qvigstad: *De lappiske appellative stedsnavn*. Oslo o.fl. 1944.
[14] Bjørn Collinder: *Ordbok till Sveriges lapska ortnamn* 1964. Kungl. Ortnamnskommissionen. 1964.

Mielkevárri, der lydlånet *melke-* ble oversatt til *mielke-*. Slik kom navnet *Mielkevárri* på kartet, og der stod det med sin uriktige informasjon fram til nylig da *Smilčečohkka* igjen ble offentlig vedtatt.

Den samiske dialekten i Sør-Troms hører ikke til de dialektene som har dannet grunnlaget for vårt felles nordsamiske skriftspråk, og har heller ikke vært særlig brukt i sameradioens sendinger. Dette har igjen ført til at dialekt- og områdespesifikke ord herfra er svært ukjente i Finnmark. Dette er kanskje grunnen til at man av og til har forstått ord feil, særlig hvis lokalbefolkningen ikke har fått forklare seg. Appellativet *loapmi* er et slikt ord. *Loapmi* er et flatt fjellparti[15] eller også et platå i fjellet der det vokser gress[16]. I *Áravuopmi*/ *Vassdalen*, like øst for Áravággi, ligger det et fjell som heter *Loapmi*. På det fjellet er det ei myr som heter *Loamijeaggi*. På kartet ble dette til *Luomejeaggi*, jf. *luomi* 'moltebær', som ville vært et naturlig navn hvis det ikke var for at i dette dialektområdet heter moltebær *láttat*. *Luomi* er ukjent.

Navn på offentlige kart, og også på skilt, påvirker folk i veldig stor grad, spesielt i vår digitale verden hvor det bare tar et øyeblikk å sjekke på nettet. Hvis de tradisjonelle navnene skal overleve i folks minne, må de inn på kartet. De fleste av oss ferdes ikke i naturen på samme måte som våre forforeldre, som hentet store deler av næringsgrunnlaget i utmarka. For oss som ferdes i naturen på hobbybasis på fritida, kanskje med bærspann, fiskestang eller gevær, så vi kan kalle turen for matauk, er det viktig å kjenne de tradisjonelle navnene. Hvis vi i kjenner tradisjonsnavnene, kan vi risikere å telte i *Eahpárašvággi* (jf. *eahpáraš* 'utbor') eller ha bålplass på *Gufihttardearbmi* (jf. *gufihtar* 'underjordisk, hulderlignende skapning'). Og det vil ingen.

[15] Just Qvigstad: De samiske appellative stedsnavn 1944
[16] Bjørn Collinder: Ordbok till Sveriges lapska ortnamn. 1964



Figure 1 Kilde: Kartverket.no/historiske kart. 1938. Litografi. Karttegner/Oppmåler: M.Lyng. T.Bang



Figure 2 Kilde: Kartverket.no/historiske kart. 1981. Norges geografiske oppmåling.1432-3 Gratangen. Reprotrykk.

Figure 3. Kilde: Kartverket.no/historiske kart. 1981. Norges geografiske oppmåling. 1432-1 Bardu. Reprotrykk

Ardis Ronte Eriksen
ardis.ronte@gmail.com

BOKOMTALAR

To bøker om førenamn

Benedicta Windt-Val: *Navn – tradisjoner fra Anne til Ådne*. Pitch Forlag AS, Oslo 2022. 185 sider.
Kjetil Bergmann Olsson: *Navn i Norge*. Aschehoug & Co. (W. Nygaard), Oslo 2023. 375 sider.

Førenamn er eit emne som interesserer. Når Statistisk sentralbyrå (SSB) éin gong i året offentleggjer statistikken over dei mest populære førenamna, er det godt stoff for avisene. Dette er kanskje ikkje så merkeleg; vi har alle eit førenamn og mange av oss blir òg foreldre og må velja namn til barna våre. Difor finst det også mange førenamnbøker på marknaden, og desse er av ulik storleik, har ulik innfallsvinkel og ulik kvalitet.

Dei to siste åra har førenamnslitteraturen fått ein tilvekst på to bøker, begge fagleg solide. Både Benedicta Windt-Vals *Navn – tradisjoner fra Anne til Ådne* frå 2022 og Kjetil Bergmann Olssons *Navn i Norge* tek utgangspunkt i at førenamnet vårt er uløyseleg knytt til identiteten vår, men bøkene er elles nokså ulike. Windt-Vals bok er dels kronologisk bygd opp, men med fleire avstikkarar. Her er til dømes eit kapittel om korleis vi sjølve brukar namnet vårt, men også eit om korleis andre brukar det. Ho tek også for seg den historiske framveksten av etternamn (slektsnamn), og tradisjonar rundt kvinners val av etternamn i ekteskap. Windt-Val har også eit kapittel om namn i litteraturen, som er hennar spesialområde. Det er ikkje namneregister eller namnelister i boka; det finst nok av slike bøker, seier ho. Føremålet har vore «å spre kunnskap om personnavnene, å fortelle historien om dem i korte trekk fra de eldste tider frem til i dag, å gi folk innsikt i folketro og ritualer som har vært knyttet til navn gjennom ulike epoker, og ikke minst formidle litt om de tankene som har ligget bak navnevalg, helt fra steinalderen og frem til vår tid».

Kjetil Bergmann Olsson seier i føreordet at boka *Navn i Norge* har ei stor målgruppe. Han omtalar ikkje berre dei mest brukte førenamna, men også dei som er spesielle. Framstillinga i boka er i fire delar. Den fyrste delen handlar om kva som ligg bak namnevala våre, til dømes oppkalling, medan den andre delen fortel om opphavet til namna, om dei til dømes er nordiske eller bibelske. Den tredje delen handlar om ulike variantar og skrivemåter av namn, og den siste delen omfattar det han kallar «norske navnepreferanser». Her tek han for

seg dei vanlegaste namna både for nasjonen som heilskap, men også lokale variasjonar av namn. Boka er forsynt med ein statistikk over dei mest populære gute- og jentenamna i 2022, eit alfabetisk register over alle namna som er nemnde med tilvising til sidetalet der dei er behandla, og ikkje minst ei fyldig kjeldeliste ordna etter delane boka er bygd opp etter.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

Målføre og stadnamn frå indre Agder

Torfinn Normann Hageland: *Det gamle eikdølsmålet. Det gamle målføret i Eiken sokn og i øvre del av Hægebostad sokn*. Eiken sogelag, 2023. 224 sider, illustrert. ISBN 978-82-997957-4-8 (innbunden).

Torfinn Normann Hageland har skrive ei bok om målføre, ordtilfang og stadnamn i ein del av indre Agder. Boka er i A4-formatet, innbunden og forsynt med ei rad fotografi samla i midten. Utforminga er enkel og har eit noko 'heimelaga' preg, men boka er fin å sjå til, gjennomarbeidd og lett å orientere seg i.

Den første delen er på berre 12 sider, og er ein presentasjon av lydverk og formverk i målføret. Forfattaren seier lite om grunnlaget for denne beskrivinga, men han viser god kjennskap til målet, for her kan ein lese om detaljar som «*mindre*» og «*større diftongering av lang u*» (s. 7) og så bortetter, heile vegen med døme på det som blir omtalt. Det er nok tydeleg at det ikkje er ein fagperson som står bakom, det ser ein når svarabhaktivokalen blir kalla «*etterslengd 'e*» (s. 7), og når han skriv at «*Bokstavknippet er blir somtid til ør*» (s. 9). Samstundes forstår ein greitt kva han skriv om. Eit særleg fenomen i dette målføret, er former som «gåo dak (= god dag), ei høk'e hei (= ei høg hei)» (s. 9–10). Desse tyder på at området ein gong i tida har teke del i overgangen *p, t, k* > *b, d, g*, og at då ein vende attende til den opphavlege konsonantismen, oppstod tilfelle av såkalla hyperkorreksjon, noko Hageland greitt får fram ymse tankar om. Særleg interessant er då den lokale forma til appellativet *lege* (f. kvileplass for husdyr og gjetarar), som særleg i Eiken går att i ei rad stadnamn, til dømes *Bulekå* (s. 173) og *Fjeddebolekå* (s. 175).

Den andre og største delen av boka (s. 19–168) er vigd til ordtilfanget i gamalt eikdølsk. Her er det ein tradisjonell, alfabetisk del, ein del med ymse

tema (t.d. ord knytt til skyldfolk, sengetøy osb.), og ein noko uvanleg del der ein går fra «moderne ord» og får opplyst kva form desse hadde i det gamle målføret. Framstillinga er jamt over enkel, men stundom er orda også sett inn i ein samanheng, slik at ein får mer innsyn i bruken av dei. I innleiinga opplyser han at orda er skrivne opp etter eldre folk, særleg frå bygdene heilt nord i Eiken (s. 3).

Den tredje hovuddelen (s. 171–224) er eit alfabetisk oversyn over utvalde stadnamn, attgjevne meir eller mindre etter uttalen, og med ymse kommentarar og forklaringar, der forfattaren ofte stør seg på eit utval kjelder (ordbøker og noko faglitteratur). Eit stutt døme på korleis dette er gjort (s. 173): «**Buknapen (Biukapen)** under Orta. 1. leden er ei bu eller eit buhus (ein sommarflor). 2. leden er ein knape som tyder ein bergknatt som stikk fram. Jf. NG [Norske Gaardnavne] og BS [feilskrive for NS = *Norsk stadnamnleksikon*] om gardsnamnet Knaben».

Hageland seier ikkje noko om utvalet av stadnamn, og ein kan ane at dei som er tekne med, er gjort det fordi han tykkjer dei er interessante, anten på grunn av målføret og uttalen, eller kanskje særleg på grunn av dei tilhøva som ligg bakom namngjevinga, og som fortel om fortida. Namna er jamt over berre lokaliserte til garden dei ligg under, og stikkprøver viser at mange av dei er registrerte i Sentralt stadnamnregister (SSR) og finst på dei offisielle karta.

Somme stader hadde det vore ønskeleg med fleire kjelder, til dømes når han skriv at namnet *Maleparten* (med trykk på tredje stavinga) skriv seg frå «Malepartus [som] var revehi i tyske eventyr» (s. 186). Stort sett verkar kommentarane likevel rimelege, og mange av stadnamna er heller enkle å finne forklaringar på, når ein berre kjenner målføret og dei lokale tilhøva. Men det finst også tilfelle der ein kan stille spørsmål om både forma på namnet og den forklaringa som kjem. Med oppføringa av namnet «Kjersvad» (s. 183) verkar det underleg at konsonanten /-d/ i *vad* skal vere realisert i målføret. Videre får ein opplyst at førsteleddet mest truleg kjem av gamalnorsk *tjod*, med jamføring til det som står i NG om gardsnamnet *Tjersland* (truleg Lyngdal). Her kjem det då ikkje fram at ein i NG (band 9, s. 239) tenkjer seg eit personnamn med *Tjod-* som førsteledd, noko som blir viktig for tydinga av det aktuelle namnet.

Boka til Hageland framstår som god folkeopplysning og bør vere interessant for alle som interesserer seg for lokalt målføre og kulturhistorie. Frå ein fagleg ståstad er det likevel eit sakn at grunnlaget og dokumentasjonen for framstillinga er nokså fråverande. Når det er sagt, kan innhaldet i boka likevel

vere eit nyttig utgangspunkt for vidare arbeid med lokalt målføre, ordtilfang og stadnamn i indre Agder.

Rune Røsstad
rune.rosstad@uia.no

OMTALAR AV MASTEROPPGÅVER

Bustadnamn i Møsstrond

Åsmund Christenson: *Bustadnamn i Møsstrond*. Masteroppgave NORD3900, NTNU, våren 2023.

Oppgaven er en språklig analyse av bostedsnavn i bygdelaget Møsstrond, som ligger ved Møsvatn i Vinje kommune i Telemark og nær grensen til Tinn kommune. Materialet Åsmund Christensom har samla her, består av til sammen 192 bostedsnavn. Disse er fordelt på 15 matrikkelgarder der vi ellers finner 30 bruksnavn. De resterende 147 er stølsnavn, som det altså er mange av her. De bostedsnavnene Christenson har tatt med i analysen, har en viss alder, slik at de har gått inn i tradisjonen med en lokal, muntlig form. Det betyr at de yngste navnene i tilfanget er bureisingsbruk fra 1930-tallet. En stor del av navnene er registrert tidligere med uttaleopplysninger. De eldste inngår **i** Oluf Ryghs arbeid med Norske Gaardnavne fra slutten av 1800-tallet. Ellers har Christenson brukt registreringer ved Stadnamnarkivet fra 1949/1951, 1956 og 1983/1984, og det er innhentet uttaleopplysninger fra lokale informanter.

I oppgaven finner vi en instruktiv oversikt over forskjeller mellom vinjemålet og tinnmålet, og Christenson får vist at det finnes en stor del målmerker som skiller disse to nabodialektene. Dialekten i undersøkelsesområdet Møsstrond har tradisjonelt stått i en mellomstilling. En viktig del av oppgaven har derfor vært å granske uttalen av bostedsnavnene, og hvordan denne varierer, både diakront og synkront. Gjennomgangen av navnene viser en forfatter som har satt seg grundig inn i relevante kilder, med solide kunnskaper i tradisjonell navnegransking og målføregransking.

Uttaleopplysningene i de eldre registreringene blir sammenliknet med uttalen blant språkbrukere i dag. Resultatet av undersøkelsen viser ganske mye variasjon, som Christenson på en innsiktsfull og detaljert måte gjør greie for, men uten at han i den korte drøftingsdelen på slutten går inn på å forklare

variasjonene og endringene nærmere, f.eks. i hvilken grad endringene skyldes andre forhold enn dialektkontakt, som kunne være dialektutjevning mer allment eller påvirkning fra skrift. Konklusjonen til Christenson er at mange navneformer som tidligere var i tråd med tinnmål, har endra seg og i stedet blitt i tråd med vinjemålet.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uia.no

Norsk namnebibliografi

Det blir ingen namnebibliografi i dette nummeret, men vi kjem attende neste gong. Bibliografiane femner om namnefaglege arbeid av norske granskarar og arbeid av utanlandske granskarar når dei drøftar norske namn, publiserer/skriv i eller melder norske og internasjonale publikasjonar. Bibliografiane byggjer på litteraturopplysningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendige. Neste bibliografi blir for 2023, og lesarane kan gjerne senda inn titlar dei kjenner til. Vi bed også lesarane melda frå til redaksjonen om feil og manglar i tidlegare bibliografiar.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Dei viktigaste norske internettadressene:

Norsk namnelag
Leiar: Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

Norsk namnelag har denne heimesida:
norsknamnelag.no. E-post: ellenmarielund@hotmail.com

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og nemne*, så er adressa denne:
ivar.berg@ntnu.no, tor.jenstad@ntnu.no

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Nytt om namn*, så er adressa denne:
botolv.helleland@iln.uio.no

Vil du tinga bøker og skrifter frå tidlegare Namnegransking, kan du senda e-brev til:
botolv.helleland@iln.uio.no

Kartverket har denne heimesida:
kartverket.no

Norsk stadnamnleksikon:
www.norskstadnamnleksikon.no

Norske stedsnavn/norske stadnamn:
toponymi.spraksamlingane.no/nb/app

Sentralt stadnamnregister (Norgeskart):
norgeskart.no

Språksamlingane:
www.uib.no/ub/101277/om-språksamlingane

Internettadresse for dei viktigaste nordiske og internasjonale namneinstitutta og forskarnettverka:

Danmark:
nors.ku.dk/forskning/centre-og-forskergrupper/center-for-navneforskning

Færøyane:
setur.fo

Finland:
sprakinstitutet.fi/sv

Island:
www.arnastofnun.is/is/nafnfraedi

Sverige:
www.sofi.se/namn

New trends in Nordic Socio-onomastics:
www.nordicsocioonomastics.org

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):
norna.org

Heimesida åt ICOS (International Council of Onomastics):
icosweb.net

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names):
unstats.un.org/unsd/ungegn